


Jølst

UTGJEVE AV JØLSTER MÅLLAG 2013 - ÅRGANG 30



Rockepoeten



Utstopparen



Eventyraren

Jonas Torsheim: Festbunaden i Språkåret er dialekt

Johnny Solheimsnes: Friidretten i Jølster

Stig Årdal: Frå Jølster til Grafton

Hallstein Dvergsdal: Elias Eide, den gløymde Jølster-målaren

Innhald:

Leiar.....	side	3
Jonas Helge Torsheim: Festbunaden i språkåret er dialekt	side	4
Johnny Solheimsnes: Friidretten i Jølster - den første "gullalderen"	side	8
Einar Gautefall/Hallstein Dvergsdal: Mange harde tak, men gode arbeidsår på gamleheimen på Helgheim.....	side	12
6. klasse, Vassenden skule: Dikt og teikningar	side	15
Hallstein Dvergsdal/Einar Gautefall: Ho er Jølster sin nye rockepoet.....	side	18
Hallstein Dvergsdal: Han bytte ut sauene med utstoppa dyr.....	side	20
Hallstein Dvergsdal: Nytt frå Jølster Mållag	side	22
Svein-Olav Sandnes: Bjørset - tingstad og lensmannsgard	side	24
Janne Karin Støylen: Til gagn og glede	side	28
Janne Karin Støylen: Skaparkraft i regnbogebygda	side	29
Hallstein Dvergsdal: Lukka er å eige ein gammal Saab	side	32
Hallstein Dvergsdal: Elias Eide, den gløymde Jølster-målaren	side	34
Maria Sunde: 71 grader nord-eventyret	side	38
Stig Årdal: Frå Jølster til Grafton	side	40

HISTORIER FRÅ JØLSTER

Den gamle vegvaktaren i Stardalen var ein ærleg og hjelpsam mann som vi alle hadde mykje å lære av. Arbeidsam meir enn dei fleste, og det kunne trengjast når den 14 km lange grusvegen i Stardalen skulle vedlikehaldast. Men av og til kunne det gå på humøret laus når regnet hølja ned i vekevis og slagholene kom igjen etter første bil. Ein dag i slutten av juli (regnet hadde bøtta ned vekevis) stod to karar og diskuterte dette med hundedagane, kva dato gjekk dei inn, for vêret den dagen skulle ha mykje å seie for vêret fram til desse dagane gjekk ut. Dei vart ikkje heilt einige om datoen. Nett då kom vegvaktaren heimover etter ein våt og strevsam dag, så dei vende seg til han, om han viste dette. Svaret kom straks: «Dei går inn 1. januar og ut 31. desember!»

Kjære lesar

Vi nærmar oss slutten på eit viktig år for norsk språk og språkbruk, nemleg Språkåret 2013. Grunnen til at 2013 vart peika ut som eit spesielt språk-år, er at vi i år feirar to viktige nynorske jubileum; nemleg at det er 200 år sidan Ivar Aasen vart fødd, og at det er 100 år sidan Det Norske Teatret i Oslo vart skipa. Språkåret er eit sjølvstendig prosjekt, organisert av Nynorsk kultursentrum i Ørsta, og har vore ei meir eller mindre samanhengande markering sidan opninga 2. januar og fram til avslutninga i Ørsta 6. desember.

– Språkåret skal vere ei markering av språkmangfaldet her i landet i tillegg til dei to nynorske markeringane, sa direktør for Språkrådet, Arnfinn Muruvik Vonen, i eit føredrag i Borgja på Ålhus tidlegare i haust. I målsetjinga for Språkåret heiter det mellom anna at Språkåret skal skape større språkleg sjølvkjensle blant nynorskbrukarar og større aksept for den språkdelte norske kulturen, og at det skal gjere også bokmålsbrukarane stolte av den nynorske skriftkulturen.

Dette er sjølv sagt store og høgthengande mål, men ifølgje språkdirektøren har Språkåret stort sett gått etter planen, men han ser at nynorsk har dominert mellom alle arrangementa som har vore gjennom året.

– Eg kunne godt tenkt meg litt meir fokus på bokmål og dei andre språka, men det er naturleg at nynorsk har fått mykje merksemd i eit jubileumsår som dette, sa Muruvik Vonen då vi snakka med han på Ålhus. Direktøren var også klar på at sidemålsstriden som har vore dei siste åra, har skaffa nynorsken meir merksemd.

Men språkmarkeringar har vi også hatt lokalt, med mange og varierte opplegg på skulane i bygda og biblioteka. Prosjektet «Nynorsk skaparkraft» som barneskulelevane i Jølster gjennomførde skuleåret 2012/2013,



engasjerte både lærarar og elevar og resulterte i både bok og avis. Vassenden skule hadde endåtil ei heil språkveke, så det er all grunn til å ta av seg hatten for mange og gode markeringar av Språkåret i Jølster.

Elles vil vel året som snart er omme, bli hugsa for ein uvanleg tørr og kald vinter, der isen på Jølstravatnet låg nærare meteren tjukk og ikkje var vekke før rett før 17. mai. Men ingen ting er så gale at det ikkje er godt for eitkvart, og den store isflata på vatnet var arena for mange og fantasifulle aktivitetar gjennom den lange vinteren.

Året vil også bli hugsa for dramatisk avlingssvikt for mange grunna overvintringsskadar, og når det i tillegg vart til dels vanskelege innhaustingsforhold, er det nok mange bønder som helst ser at dette året blir plassert i gløymeboka fortast råd er.

For oss i Jølster Mållag er det kjekt å kunne presentere endå eit nytt nummer av bladet du nett har opna. Jølst kjem i år med 30. utgåva, altså eit lite jubileum det også, og vi kunne i fjor glede oss over godt sal av bladet. Vi håpar at også denne utgåva blir godt motteken, og at folk i Jølster kan vere med på å hjelpe til med stoff til neste utgåve.

Sidan to av dei som sit i redaksjonen no, har vore med i ti år, er det naturleg med utskiftingar, og vi ber om at den eller dei som kunne tenkje seg å vere med på å lage Jølst framover, tek kontakt med mållaget. Vi trur nemleg at bladet har eit rom å fylle og ein misjon å gjere også i framtida.

Til slutt står det att å takke annonsørar og lesarar for året som snart er omme. Vi ønskjer alle ei god og fredeleg jul med håp om eit godt og spennande nytt år til alle.

H.D.

REDAKSJONEN I JØLST:

STIG ÅRDAL

STIG.AARDAL@ENIVEST.NET

HALLSTEIN DVERGSDAL

HALLDVE@FRISURF.NO

MAGNUS HÅHEIM

MAGNUS.HAHEIM@ENIVEST.NET

STYRET I JØLSTER MÅLLAG:

HILDE YNDESTAD HALLAND, LEIAR

HALLSTEIN DVERGSDAL, NESTLEIAR

EINAR GAUTEFALL, KASSERAR

CONNIE HAMRE, SKRIVAR

SILJA JUKLESTAD, STYREMEDLEM

ADRESSA TIL MÅLLAGET:

JØLSTER MÅLLAG

V/EINAR GAUTEFALL

6843 SKEI I JØLSTER

Festbunaden i språkåret er dialekt

Av Jonas Helge Tosheim

Eitrande sint vart eg, forbaska bykjerringa trakka på dialekten min. Eg var fem år og hadde vore på bergensbesøk i to dagar hos bytanta mi. Dette var i 1947, med nesten like mange hestar som bilar i gatene, og eg blei betrudd å gå ut og handle. Fram til den spesielle butikkdisken gjekk eg og bad hølfig om «to liter mjelk». Ho på andre sida kvilte armene og to svulmande bryst (god reklame for mjølkebutikken) på disken og sa spotsk: «Jasså, du skal ha to litar mjjeelk, du.»

No for tida tykkjer vi det er sjarmerande når folk snakkar dialekten sin, og kjem vi i snakk med ukjende, er ofte gjetting av dialekten ein fin start på ei triveleg samtale. Det er som med bunaden fok kler i seg til fest, kvar er den bunaden frå? Når vi er stolte over bunaden vår, skal vi òg vere stolte av dialekten, begge fortel om ein bakgrunn vi set høgt. Frontfigurar i NRK, radio og tv, set farge på talen sin med dialekt, og flyselskap oppmodar personellet til å bruke dialekt, for det skapar heimsleg ro og hygge for utrygge.

Dialektane er hovudgrunnen til at vi feirar språkår i 2013, 200 år etter ørstingen Ivar Aasens fødsel. Språkgeniet Ivar Aasen hadde som mange andre innsett at Norge, frigjort i 1814, ikkje kunne halde fram med dansk, men at landet måtte få sitt eige språk. Og dei nasjonale straumdraga var med han, han fekk statsstipend og la ein plan om å reise Bygde-Norge på langs og tvers og finne eit ordtilfang og eit formverk med røter

i norrønt mål. Planen blei gjennomført, og slik blei dialektane mor til Landsmaalet, seinare nynorsk. Den nynorske målforma blei offisielt jamstelt med dansk i 1885 og godkjend som undervisningsspråk i barneskulen i 1892. Aldri har vel nokon nordmann sett så stort resultat av innsatsen sin i kulturlivet – i si levetid.


At det trongst eit nytt språk, også for byråkratane, går fram av dette brevet som *Departement for Kirke og Undervisnings-Væsenet* i 1850 sende til *Det Kongelige Norske Videnskabers Selskap*. Det galdt finansieringa og framtida for Aasens forskning:

Da de Arbeider, til hvis fremme der hidtil af Videnskabernes Selskap er tilstaaet ham Understøttelse, formentlig snart vil være tilendebragt og der muligens ikke vil være anledning til gennem en længre Fremtid af Videnskabernes Selskap at yde ham lignende Understøttelse, har Departementet fundet sig opfordret til herigjennem at henvende sig til den ærede Direktion, som antages bedst at kjende Aasens Livsforholde og Fremtidsønsker, med Anmodning om at meddele Departementet dens Betænkning om, hvorvidt, samt på hvilken Maade og i hvilken Udstrækning det Offentlige antages at burde sørge for at denne uden tvivl med et sjeldent Sprogtalent udrustede Mand ikke skal nødes til atter at vvende tilbage til sine forrige Forholde, efterat han ved egen Dyyktighed har hævet sig derfra og ved den ærede Direktions Understøttelse allerede i en Række af Aar har levet sig ind i en ny og fra hans Ungdomsforholde aldeles forskjellig borgerlig Stilling.¹

Puuuh – eit langt avsnitt fullt av snirklete innskot, ein haug linjer før det kjem eit befriande punktum. I all enkelheit gjekk avsnittet ut på at departementet ante at vit-skapselskapet truleg ikkje hadde pengar til å løne Aasens arbeid vidare, og at departementet kunne tenke seg å ta over det økonomiske ansvaret for vit-skapsarbeidet til den gåverike mannen frå Ørsta. Det vart også resultatet.

Avsnittet fortel tydeleg at vi ikkje berre trong nye ord i språket vårt, men at grammatikken, setningsbygninga, måtte få ei skikkeleg forfrisking frå talemålet på bygda. Og Aasen gav ut ordbok og grammatikk, og han gav ut norske ordtak, som var reine motgifta mot det danskprega ordgyteriet. Aasen levde til 1896, og vi skal vere takksame for at han fekk livslangt statsstipend til språkarbeid. Eitt av ordspråka kunne høve til byråkratskravet ovanfor: «Store ord og feitt flek sit ikkje fast i halsen.»²

Språkgranskaren var heldigvis også ein genial PR-mann. Han skjønte at det var ikkje nok å forme eit nytt språk, det måtte takast i bruk. Derfor skapte han dikt som han helst kalla viser, og sungne blei dei. «Mellom bakkar og berg» finn vi i diktsamlinga *Symra*, som blei gjeven ut



Aasen teikna av
Finn Graff for Språkrådet 1996

anonymt, «Dei vil alltid klaga og kyta» i syngespelet *Ervingen*, som blei utgjeven på same måten. Slik hadde han grunnlagt eit scenespråk og ein songskatt og som raskt vart folkeeige. Dermed vågde nye landsmålsdiktarar seg frampå med songar som vi enno syng frå vogge til grav, i heim og til høgtid: «Blåmann, blåmann», «Å, eg veit meg eit land», «Småsporven gjeng i tunet», «Den fyrste song». Diktarane A.O. Vinje, Elias Blix, Arne Garborg og Per Sivle gav rike songlege tilskot til folke-eiga.

Kvifor la likevel ikkje landsmålet landet meir under seg? Då Aasen var midt i livet, budde 90 % av folket på bygdene. Men sentralmakta sat i Christiania, og stemmerett for alle fekk ein ikkje før i 1913. Eg er ikkje historielærd, men eg vil peike på feil som eg meiner leiande nynorskfolk har gjort i mi levetid.

I 50- og 60-åra hadde vi ein del bakstrevarar som gjekk inn for det eg vil kalle museumsnynorsk. Ein del «gåverik ungdom med hug til boki» følte seg så oppglødde etter eigne språkstudium at dei ville ha ein nynorsk meir lik språket før dansketida (1380) enn daglegtalet her og no. Her vest hadde vi Vestmannalaget, som braut ut av Noregs Mållag og skulle skrive *bygdí* og *sprungi* og verb med kløyvd infinitiv (*halde – gjerá*). På teatret og opplesingar i NRK kunne vi høyre familiemedlemmen *sonen* uttala som det galdt «østsonen» i Berlin. På Stortinget skapte ein stortingsmann frå fylket seg eit varig ettermæle med å få *skjenelause køyregreier* inn i ein lovtekst om trafikk utanom jarnbane. Eit nytt ordtak er på sin plass: «Berre bok gjer ingen klok.»

Til all lukke kom Jakob Sande oss til hjelp med å bruke kvardagsmål til å skildre både daglegliv og livsverdiar. Som Ivar Aasen forma han dikt som blei til viser, og visene blei spreidde til heile landet gjennom Ønskekonserten. I moderne tid har få gjort meir gagn for nynorsken enn «Kallen og katten», «Vesle Daniel», «Jenta og folungen», «Fløytelåt». Stor ære til erkebergensarane Kurt Foss og Reidar Bøe, som sette tone (som Jakob S ikkje alltid likte) til mange av dikta, og song dei inn i heimane, også der dei snakka riksmål.

Og nynorsken trong nye krefter, for motkreftene i Riksmålsforbundet var på krigsstien etter krigen. Dei ville utrydde alle hokjønnsformer som var komne inn i lærebøkene. Foreldra retta sjølve, og den vørde Erling Skjalgsson i sogeboka blei retta til «Erling Skjalgsson fra Solen». Ein meteorolog gjekk til retten for å få melde *sne* i staden for *snø* i radioen. *Nu* var det òg nødvendig å skrive, for *nå*, som var innført i rettskrivinga frå 1938, var ikkje sømmeleg. Det gjekk i retning av at vi også skulle få eit museumsbokmål.

Men atter ein gong kom dikt og song språket til hjelp. Alf Prøysen hadde heilt sidan 1948 brøyt vegg for viser, kåseri og noveller på dialekt – i skrift og gjennom radioen – og han snakka dialekt både til liten og stor. I 60-åra vakna også yngre krefter. Sentrale styresmakter ville melde Norge inn i EEC (EF), og dei som ikkje ville sentraliserast, fann ut at kampen mot EEC måtte vinnast også kulturelt. Og visene fløynde: Lars Klevestrand og Hege Tunaal tolka nynorske viser av m.a. Jakob Sande.



Arkivfoto: bt.no

Same forfattar fekk «Hestehandlarar» framført av Ivar Medaas og Geir Tveitt. Sidan heldt flaumen fram i 70-åra, også etter at EF var avvist: «Kor e hammaren Edvard», «Ellinors vise» (Ka e' de som æ drømme om), «Høvlerivisa» (Stranda Sag & Høvleri), «Kjærlighetsvisa». Artistar og forfattarar var Jack Berntsen, Sverre Kjelsberg / Klaus Hagerup, Vømmøl Spelemannslag / Hans Rotmo og Halfdan Sivertsen. For meg var det spesielt gledeleg å høyre nordlendingane syngje på klingande dialekt. Mange nordlendingar blir fornærma når du seier til dei at dei snakkar fin nynorsk, men betre reklame for dialektfarga nynorsk enn Ellinors vise, det får du ikkje:

*Ka e det som æ drømme om
at æ en dag ska våkne opp å vite,
at arbeidet æ leve me'
e mykje mykje meir enn det å slite.*

*Æ drømme om å være fri
i lag med alle folkan som æ like.
Æ drømme om ei anna tid
da ingen folk e fattige og rike.*

Dialektane har skapt nynorsken, men kva har nynorsk hatt å seie for bokmålet? John Olav Egeland, politisk kommentator og tidlegare sjefredaktør i Dagbladet, skriv 5.8. 2013: «Jeg fikk dårlige karakterer i sidemål helt til jeg knekket koden: Legg vekk det stive kansellispråket med sin pynt og innskutte bisetninger. Verbaliser setningsbygningen. Slik ble min nynorsk atskillig bedre, men viktigere: Det smittet over på mitt eget hovedmål som ble strammere, klarere og mer effektivt Fremdeles bruker jeg metoden hver dag. Et levende nynorsk injiserer bokmålet med vitaminer, kraft og saftighet.»³ God attest frå ein bærumsborgar med farfar som leiar i Rederiforbundet og med far som kulturredaktør i Morgenbladet.

Kraftige og saftige nynorskord ser vi sprengje seg inn i

bokmålsavisene: *budd – ubudd – saga – tyne – nøgd – røyne – jamvel – førebu – stadfeste – ymse – låk – løyve – gjæw – gild – lende – vedtak*. Til og med ordet *røynda* opplever vi bokmålsbrukt, men altfor sjeldan. Alle må jo kjenne kor mykje meir kraftfullt i *røynda* er samanlikna med i *virkeligheten*.

Det er òg mi faste tru at nynorsken har redda kjønnslivet i bokmålet. Dansk, som var einerådande før landsmålet, hadde berre to grammatiske kjønn (*bar-net – jenten/gutten*), og slik er dansk framleis. Ja, somme påstår at dansk er på veg mot berre eitt kjønn. Svensk har også berre to kjønn i skriftspråket, sjølv om værmendingar enno snakkar om jenta.

Hadde riksmålsfolket fått rådd grunnen åleine, ville det gått slik med bokmålet også. (Jamfør ovanfor om «E. Skjalgssøn fra Solen»). Men i dag blenkjer *jenta* i konservative Aftenposten. Eit søk på henne i avisa sine spalter 9.9.13 gjev 6148 treff, søk på *jenten* gjev berre 80. «Det blir mykje prenta som ein ikkje hadde venta,»² ville vel Ivar Aasen sagt.

6 I Jølster må vi i språkåret ta med at her levde ein lensmann, Jens Nielsson Nedrebø (1627–1704), som var levande språkinteressert. Han etterlet seg ei handskriven bok der han m.a. hadde notert gloser på gresk, latin, hebraisk, tyrkisk, malayisk, kinesisk, engelsk, skotsk og finsk.⁴ Morfaren var prest, så interessa for dei tre først nemnde språka er grei, men malayisk? Aust-India hadde europearane funne fram til berre vel 100 år før lensmannen vart fødd, og på 1600-talet var handelen med krydder o.a. så vidt kommen i gang. For ein jølstring på den tida måtte det å reise som sjømann til «Ost-Indien» fortone seg som ei måneferd i dag. Då Jens vart lensmann, slo han nok slike tankar frå seg, men boka heldt han fram med å notere i livet ut. Boka ligg på nettet i vanleg trykk. Her er verdfullt kjeldemateriale for slektsgranskning, men også for lokal- og rikshistorie.⁴

Men kva skulle han med «finske sprocke»? Plutseleg



slo det meg at ukunnige som vi har vore om eigne landsmenn, har vi ofte kalla samane finnar. Og ein telefon til Samisk institutt bekrefta ideen, dei «finske» glosene var samiske. På 1600-talet var det stadig krangel og trefningar mellom Norge, Sverige og Russland om Finnmark, så området var nok omtala også i Jølster, Jens hadde jamvel fått med seg litt om språket.

Dette minner oss i språkårsfeiringa om at samisk (med tre undergrupper) er offisielt språk i Norge, og samisk er jamstelt med norsk i kommunar i Nord-Norge og heilt sør til og med Snåsa. Striden mellom brukarar av nynorsk og bokmål har til tider gått på nevene laus, men samane har måtta kjempe hardare enn oss for å vinne respekt for sitt mål. Då Kåfjord kommune i 1995 sette opp kommuneskilt med namn på begge språka, vart den samiske teksten fjerna med geværskot. Samisk har nok, som landsmålet, ein hard veg framfor seg, men vi ser parallellar. Samisk har fått sitt jamstillingsvedtak, sameborn får no opplæring på sitt eige mål i skulen, samisk kultur med biletkunst og musikk vinn fram nasjonalt og internasjonalt. Og i 2012 vart Mari Boine utnemnd til statsstipendiat. (Ivar Aasen var den første av det slaget i Norge). Samane har til og med fått sitt eige flagg og eigen nasjonaldag, kanskje bør vi nynorskfolk krevje det same?

JØLSTER
SKISENTER

6847 Vassenden • tlf. 57 72 75 50 • www.jolsterskisenter.no

Jølstramuseet

Gamle røykstover frå tidleg på 1600-talet og fleire tusen historiske ting som viser korleis jølstringen levde i gamle dagar.

Sommarope frå 15/6-17/8 elles etter avtale.

tlf. 97 14 09 75

Offisielt er ikkje nynorsk eit eige språk, men den eine av to målformer. Den andre er bokmål. I dette kåseriet har eg likevel halde meg til at Aasen prøvde og greidde å skape eit nytt språk, Landsmaalet, som heiter nynorsk etter vedtak i Stortinget 1929. Korleis er framtida for nynorsken? Berre 15 % av elevane starta med nynorsk i første klasse skuleåret 2012/13, men verre er det at berre 7 % skreiv nynorsk som hovudmål til eksamen i vidaregåande. **Foreldre som er glad i nynorsk, vakk opp!** Diskuter språk med ungane og ungdommen, gjer dei klar over at dei med stoltheit kan snakke dialekten sin og skrive heimemålet sitt. Peik ut dialektbrukarane i riksmedia. Fortel at du kan nå dei høgste stillingane i samfunnet og likevel snakke klingande bygdemål. Per 9. oktober 2013 har vi ein finansminister som snakkar hedmarking, og ein kommunalminister som talar sogning – frå Stortingets talarstol.

Og borna blir meir intelligente med nynorsk. Vi i Sogn og Fjordane blir tospråklege med all innverknaden frå bokmål i media. No forskar dei på ungane våre, som gjer det betre på eksamenar og nasjonale prøver enn elevar i resten av landet. Så hjelp ungane å halde fast på nynorsken, det er ein kamp for intelligensen deira. Og når den unge kjem til jobbintervju i dag, så er det ein fordel å vere landsungdom og våge å vise det, for arbeidsgjevarar veit at slike ungdommar er trygge på seg sjølv og har lært å unngå minste motstands veg.

Derfor er eg ikkje redd for framtida til nynorsk. Språket er ikkje eit lite språk internasjonalt, det vil leve så lenge som folk med stoltheit vil stå fram og snakke dialekten sin. Og skriftspråket lever i beste velgåande. Bjørnstjerne Bjørnson, som gjorde harde åtak på nynorsken i sine siste år, han har fått den store biografien sin i fire bind skriven på nynorsk av Edvard Hoem. Og i skrivande stund er Jon Fosse ein av dei seks fremste kandidatane til Nobelprisen i litteratur.

Det var òg prisverdig, det Bergens Tidende gjorde 5. august i høve språkåret. Mang ein stril flirte triumferande då finbergensarane i Kalfaret fekk morgonkaffien i vrangstrupen. Dei fann heile avisa trykt på nynorsk. Sjølv følte eg at bror min har sørgt for oppreising for nederlaget mitt i mjølkehandelen i 1947. For 20 år sidan sat han på Holbergstuen og vart nekta servering av bykjerringa, klokka var 00.15 og kranene stengde. Men så hørde



Foto: Sætra, Gunnar /Scanpix

serveringsdama at nokon sa *Torsheim* til den tørste. «Å, gubben, hetar du Torrshem, då skal du få øll så lenge eg ær hær i kvell.» Den som tidlegare hadde rydda veg for slik særbehandling på kunstnarpuben, var nok søskenbarnet vårt, Oddvar Torsheim. Og «øllet» kom på bordet, sjølv om Broremann hadde bestilt «øøel» på syngjande sunnfjorddialekt.

Kjelder

- 1) Ottar Grepstad: Historia om Ivar Aasen. Samlaget 2013.
- 2) Ivar Aasens aller beste: 2200 norske ordspråk i utval <http://oaks.nvg.org/aasens.html>
- 3) Dagbladet måndag 5. august 2013, s. 2: Ivar Aasen sett fra Bærum.
- 4) Lensmannsboka. <http://digitalarkivet.no/sab/bergensposten/lensmann.htm>

VASSENDEN TAXI



6847 Vassenden

Mobil 48 21 00 22

SKEI TAXI

90 57 55 55

Drosje/rullestolbil/turvogn
Opp til 16 passasjerplassar

6843 Skei

Friidretten i Jølster – den første «gullalderen»

Av Johnny Solheimsnes

Friidretten i Sogn og Fjordane har ei lang historie. Heilt tilbake til 1920-talet, og før også, finn ein dokumentasjon om konkurransar – både på og utanfor bana. Opp gjennom åra har det vore gode friidrettsmiljø mange stader, men det nok rett å seie at slik var det ikkje i Jølster. Likevel, i kortare bolkar ser ein at fleire utøvarar frå Jølster er mellom dei beste i fylket og hevdar seg godt. Åra vi her skal sjå nærare på, var den første perioden dette skjedde, nemleg tidsrommet 1955–1963.

«Jølst» hadde for fire år sidan eit stykke om Harald Hjellbrekke. Han var på slutten av 40-talet og starten av 50-talet ein markant utøvar i fylket både på ski og i friidrett. Utanom Einar Veiteberg var han den første jølstringen som sette krinsrekord på friidrettsbana. Karrieren hans som baneløpar slutta etter 53-sesongen. Med det same såg ein ikkje nye utøvarar stå klar til å ta over, men det gjekk ikkje mange åra før ein heil gjeng med ungdomar igjen sette Jølster på friidrettskartet. Eg vil her ta eit tilbakeblikk på kven desse var, kva dei oppnådde, og ikkje minst – søkje å finne årsaka til at dette skjedde her i Jølster akkurat då.

Jølster Idrettslag vert skipa

I 1955 vart dei ulike idrettslaga i bygda samla til Jølster Idrettslag. Skipingsmøtet var i Borgja på Ålhus den 20. november. Alt nokre år før dette hadde fleire teke til orde for at denne samlinga måtte komme. Ein såg at dei ulike smålaga ikkje makta å stille særleg mange utøvarar til konkurransane. Tilgang på tillitsvalde/oppmenn var også eit problem. Men kanskje den viktigaste grunnen til å samlast i eitt lag var at ein såg moglegheita for å kunne stille meir slagkraftig, til dømes på Breimstafetten. I den samanheng kan det nemnast at det faktisk stilte eit samla jølsterlag på Breimstafetten både i 1954 og 1955 under det underlege namnet «Jølster Fotballklubb». I Naustdalsstafettane i 1955 stilte denne «klubben» heile to lag! Tida for samanslåing var med andre ord overmoden.

Første leiaren i det nye laget vart Egil Sunde, opphavleg frå Stryn, no busett på Vassenden. Ein ser i oppslagsbøkene for Sogn og Fjordane Friidrettskrins at han også fungerte som leiar for friidretten både i 1955 og 1956.

Terrengstafettane

Då som no var terrengstafettane noko som fengde jølstringane, og Breimstafetten var den store. Ja, så stor var denne stafetten at på 50-, 60- og 70-talet at det var heilt uaktuelt å setje opp andre arrangement i bygda denne søndagen. «Alle» var i Breim! Odd Skrede, ein av dei

aktive den gongen, seier det slik: «Breimstafetten var 17. mai og julaftan same dagen!» 5000–6000 publikummarar omkransa løypa, og lokalpatriotismen var stor. Åra før 1954 stilte fleire av dei ulike idrettslaga i Jølster lag på Breim. Flest startar ser det ut til at Stardalen Idrettslag har hatt.

Sjølv om det fleire gonger var nære på, klarte Jølster i desse åra aldri å vinne Breimstafetten. Både i 1957 og 1958 tok dei andre plassen – berre få sekund bak Tambarskjelvar, som vann omtrent alt på den tida. Eitt år var det faktisk heilt på siste etappen sigeren glapp, etter at Jølster stort sett hadde leia heile stafetten. På midten av 50- og utover 60-talet deltok Jølster fast på terrengstafettar rundt om i distriktet. Deltaking i Firdastafetten, Olden og Naustdal var årvisst, men enkelte år reiste ein heilt til Vik og Leikanger.

Baneidretten

Midt i mai, etter at terrengstafettane var over, starta banesesonen. Her var det få eller ingen frå Jølster å sjå. Grunnane til dette kan vere fleire. Ei klar årsak var sjølv sagt at her mangla bane å drive trening og konkurransar på. Jølster-bygda var lang i utstrekning, utan eit markert sentrum, noko som gjorde det vanskeleg å samle mange til treningar. Det vart aldri det miljøet rundt stadion som ein såg t.d. på Sandane, i Høyanger eller i Førde. Når det likevel vart arrangert friidrettsstømne i Jølster, føregjekk dette gjerne på veggen og på grusplassar. I Våtedalen fann ein det næraste ein kunne kalle ei bane, nemleg Langøyyna, ei grusslette der det har vore arrangert friidrettsstømne i mange år.

Den nye bølga

På slutten av 40- og tidleg på 50-talet har ein ny generasjon med gutar begynt å drive friidrett. Dei er ikkje mange, men vert fleire etter kvart. Edvard Befring, ein av dei som tidleg markerte seg, fortel at han reiste frå Stardalen heilt til Høyanger på krinsmeisterskap (KM) så tidleg som i 1949. I resultatlistene for 1952–54 ser vi 8–10 namn i ulike aldrar som deltek rundt om i distriktet. Nokre juniorar tek og til å hevde seg, og dette berre aukar på. Den første «gullalderen» for friidretten i Jølster har starta!

Treningar

Etter å ha snakka med fleire av dei som var aktive då, er det påfallande å sjå at dei fleste trenar åleine. Dei var gjerne den einaste i sitt nærrområde som dreiv med friidrett. Fleire av dei var aktive med andre idrettar om vinteren, som skihopping eller langrenn, og mange spelte

fotball. Edvard Befring fortel at far hans, som var sjåfør i Firda Billag, ein dag kom heim med både ei kule og ein diskos, i tillegg til eit instruksjonshefte. Dette vart kjøpt teke i bruk, og med det var interessa tent. Framover vart det treningar på tunet eller bøen heime. Jostein Øvrebø frå Vassenden fortel at også han trena åleine. Dette gjekk føre seg på heimebøen eller på stiane i Øygardsmyrane, der golfanlegget no ligg. Odd Skrede fortel at han ofte brukte vegen opp i tunet ovanfor Esso på Skei som treningsarena. Eller han brukte riksvegen, der eit visst tal telefonstolpar skulle passerast på intervallane. Bjarne Håland er ein av dei beste kastarane som har vore i Jølster. Han fortel at ein slektning frå Bergen ein sommar kom heim med ei kule. Denne vart flittig nytta, og han såg snøgt at dette hadde han talent for.

Med andre ord: Her er ulike årsaker til at akkurat den og den starta med friidrett, men felles for alle er at det skjedde utan noka form for medverknad frå idrettslaget eller trenarar knytte til laget.

Ein institusjon som var viktig for fleire, var dei vidaregåande skulane, og spesielt Firda Gymnas. To av våre beste midt på 50-talet, Ivar Helgheim og Edvard Befring, gjekk begge her. Her møtte dei eit oppegående friidrettsmiljø med folk som kunne rettleie og organisere treningar og konkurransar. Her fekk dei kameratar å trene i lag med, og tips og teknikkar vart snappa opp. Systemet var sånn at ein gjerne representerte heimelaget i sommar-månadane og Firda Gymnas resten av året. Ein annan jølstring som møtte friidretten for første gong på gymnas- set, var Egil Støfring. Han gjekk på Voss landsgymnas, og fann etter kort tid treningskameratar der og starta med det som for han til då hadde vore ein ukjend idrett.

Kva bidrog så friidrettsgruppa og idrettslaget med desse åra? Det ser ut til at det stort sett har avgrensa seg til å ordne påmeldingar og organisere reiser til stafettar og banestemne. Det er først tidleg på 60-talet ein ser at gruppestyret tek initiativ til treningssamlingar for løparane. Dette var gjerne på ettervinteren eller tidleg på våren. Måla med å møtast var fleire: Her fekk ein oversikta på kven som var i trening, og ein kunne samstundes gje ein kveik til vidare satsing. Samlinga vart gjerne avslutta med ei sugande treningsøkt.

Ein ser at det på 60-talet er i gang fellestreningar fleire stader i bygda. I årsmeldinga frå 1963 kan ein lese følgjande: «Frå Vassenden var ei gruppe under leiing av Harald Hjellbrekke stadig å sjå på riksvegen. Treina gjorde dei i Stardalen, Årdalen og i Dvergsdalen også, så det var tydeleg: No eller aldri!» Det som var målet, var sjølv sagt Breimstafetten.

Når våren kom og stafettane nærma seg, vart det organisert uttakingsløp, enten i Jølster eller direkte på dei aktuelle etappene i Breim. Odd Skrede fortel at han eitt år først på dagen sprang Firdastafetten på Sandane for så å reise opp til Breim for å delta på stafettuttakinga der.

Leiarar og oppmenn

Frå laget vart stifta i 1955 og utover, var det fleire som i kortare periodar sat som leiarar for friidretten. Egil Sunde er nemnd, Jostein Øvrebø og Ragnar Åland sat eitt år kvar.

HILSEN FRÅ ALLE TIL ALLE

Tren riktig, det er viktig.

I Sunnfjord samler bl. a. «Jølster I. L.» gutta til idrettslig dåd og dyst, mest ski og friidrett. Mange spreke karer borti der. En av dem er **Ottar Svidal** fra Vassenden i Jølster. Han er 19 år, arbeider hjemme på garden om sommeren, går vinterstid på skole. Da han er sterk og har mye fart i seg, driver han gjerne med løp. «Eg driver berre med løping.» sier han, «for det mest 800—1500 meter. Det kunne ha vore moro med andre slags øvelsar og, men har aldri fått det til ... Eg byrjar tenkja på ny sesong i oktober. Går da ein del turar i fjellet for å få styrke i beina. Om vinteren driver eg ein del gymnastikk og løping. Utover våren går eg over til meir spesialtrening, med røkk-trening, for det meste 200 og 400 meter ...» Og treninga har gitt resultat. Han har vært med i mange stafetter i Sogn og Fjordane, og dessuten startet i 8 stevner, der han vant i de 7. Han forteller at interessen for idrett er bra i Jølster, særlig blant gutter under 15 år. Men etter konfirmasjonsalderen ser det ut som få fortsetter med idrett. Og derfor sier O. S. som så: «Eg vil seia til alle som driver med idrett:

● «Ivrig, freidig, sterk som stål — det er I. F. Guttas mål.» ●

Vintertreninga i god gang

VILMARKAS SØNNER

«Hver nordmann en svømmer.»

fortsett med idretten din. Ein får seg då så mange gode kameratar — og elles er det ikkje noko som er finare enn ein treningstur att-på ein hard arbeidsdag.» .. Og vi håper at O. S.s gode råd rekker mange gutter rundt i bygdom. Fornuftig idrettsøving i fritia er bra for gutter alle steds.

Faksimile frå vekebladet *Illustrert*, nr. 47-1962.

I 1959 kom Gunnar Nedrebø inn som leiar, noko han var dei neste fem sesongane. Fleire eg har snakka med, hugsar han godt. Han var entusiastisk og flink å organisere. Egil Støfring fortel at Gunnar ordna heimreiser for han til stafettar og banestemne. I tillegg hadde Gunnar bil og kunne såleis vere både sjåfør og leiar på turane. I ettertid ser ein at han nok har betydd mykje for at friidretten fekk dette løftet akkurat då. Bjarne Håland nemner også Sverre Førde i den samanhengen. Han var også med i gruppestyret og var stadig på telefonen for å motivere ungdomane til å melde seg på til dei ulike stemna.

Transport og reiser

Det var ei utfordring å komme seg rundt på stemne og konkurransar. Vegane var dårlege, og reisene tok etter måten lang tid. Folk flest hadde ikkje bil. Offentleg transport vart nytta, men dette passa ofte dårleg, og korrespondanse var det så som så med. Heldigvis var det interesserte vaksne som stilte opp. Odd Skrede hugsar godt Johannes Kjøsnnes. Han hadde bil og køyrde fleire gonger til stemne og konkurransar. På Øygarden i Stardalen hadde dei tidleg bil. Knut O. Øygard var aktiv i både ski og friidrett. Han hadde sertifikat og kunne dermed også vere sjåfør og ta med



andre som skulle av garde. Elles nemner fleire at Sjur Grimsbø sin lastebil, med benkar bak på lasteplanet, vart nytta – til dømes når ein skulle til Breim.

KM 4x1500 m stafett, Høyanger 1960. Dag Heggheim (t.v.) vekslar med Ottar Svidal.

10

Banestemne

Etter å ha sett gjennom stemmerapportar frå desse åra, slår det meg at stemmetilbodet var forbausande bra. Mange lag rundt om i heile fylket tok sin tørn og arrangerte banestemner. Om vinteren vart det arrangert innandørsstemner i høgde og lengde utan tilløp, noko som i våre dagar er så godt som heilt vekke.

Å verte krinsmeister var stort i den tida. På KM møtte alle dei beste i fylket for å måle krefter. Resultata kom i avisa, og det vart snakka om i bygda. Eit anna årvisst arrangement var det nasjonale stemnet på Byrkjelo. Her kom det ofte gode utøvarar frå både Bergens-kanten og Austlandet. Det var her våre folk verkeleg såg kor «lista låg». Mange av dei personlege rekordane til jølstringane vart oppnådd akkurat her.

Krinsrekordar

Jostein Øvrebø var den første løparen som markerte seg på mellomdistansane. I 1955 vart han krinsmeister på 800 m for junior. Tida han oppnådde, 2.06,1, var også krinsrekord, den første nokon jølstring hadde klart sidan Harald Hjelldal sin rekord på 10 000 m frå 1952. Elles er det verd å nemne at i same stemnet vann Stardalen 1000 m stafett, også det i juniorklassen. Desse resultatane gav inspirasjon for fleire til å bli med.

Propos krinsrekordar: I 1960 vart KM i banestafett arrangert i Høyanger. Det var eit todagarsstemne. Av ein eller annan grunn var ikkje påmeldinga frå Jølster kommen fram, så då juniorlaget til Jølster på 4 x 1500 m møtte til start søndagen, som einaste påmelde, fekk dei beskjed om at det løpet hadde vorte flytta til laurdagen, der eit lag frå Høyanger, raska saman i full fart, hadde sprunge for å sikre seg gullmedaljane. Men Gunnar Nedrebø hadde

orden i sysakene og la fram kopi av påmelding, kvittering for innbetalt kontingent med vidare. Arrangøren hadde då ikkje anna val enn å la jølstringane springe, noko dei gjorde rett så bra og sette ny krinsrekord med tida 18.03,8. På det laget sprang Odd Skrede, Egil Støfring, Dag Heggheim og Ottar Svidal. Året etterpå pressa dei rekorden ned til 17.47,8. No var Odd Skrede for gammal for laget, og ny løpar inn var Erling Årdal.

Distansemerket

Norges Friidrettsforbund hadde desse åra sett opp ein del resultatkrav som kvalifiserte til det såkalla distansemerket. Det var ikkje berre enkelt å klare krava, til dømes 54,0 på 400 m eller 52 meter i spyd. Å klare merket var eit mål for mange å trene mot.

Jostein Øvrebø fortel at han under eit stemne på Kronborg i Førde etter løpet vart tilsnakka av boksaren Otto von Porat som var på stadion som tilskodar. Porat vart i 1924 olympisk meister i tungvektsboksing, og var ein av dåtidens kjendisar. «Du har nok distansemerket, du!» sa Porat til Jostein etter løpet. Noko som var heilt rett – Jostein hadde før på året sprunge 400 m på 53,9.

Tekniske øvingar

Som ein veit, er ikkje friidretten berre løp. Hopp og kast vert kalla dei tekniske øvingane, og også her hadde Jølster utøvarar som var høgt oppe på listene. I kastøvingane var det Bjarne Håland og Edvard Befring som hevda seg best. Flest titlar og lengst karriere i Jølster har Bjarne Håland. Resultatet 14,17 m frå 1960 med seniorkula er framleis jølsterrekord. Bjarne tok tre KM-titlar i kule i seniorklassa i åra 1959–61. Bjarne hadde også lags-

rekorden i høgde med 1,71 m i mange år. Edvard si spesialøving var diskos. Resultatet 41,12 var best i Jølster-tida hans, men han kasta endå lenger då han kom til Oslo som student nokre år seinare. Det er verdt å nemne at begge desse heldt eit så høgt nivå i Noreg at dei vart kalla inn til landslagssamling i Oslo. Lidvald Klakegg er ein annan utøvar som var aktiv i åra rundt 1960. Han var svært allsidig og deltok i mange ulike øvingar. Som ein av dei første i Jølster hoppa han stav. Det beste resultatet hans på 3,20 m frå 1961 er jølsterrekord.

Sprint

Utan bane å trene på skulle ein tru at det ikkje kunne bli så mange gode sprintarar frå Jølster. Det er nok rett å seie at dei ikkje har vore så mange, men nokre gode sprintarar har ein hatt, så også i desse åra. Dei to beste var Ragnar Åland og Ivar Helgheim. Som 18-åring i 1956 presterte Ivar ei resultatrekke som skulle bli ståande som jølsterrekordar lenge: 11,4 på 100 m og 23,4 på 200 m. Sistnemnde vart ikkje slegen før i 2004! Ivar har forresten framleis gjeldande rekord i lengde utan tilløp med resultatet 3,10. Ragnar Åland hadde ein kort, men god karriere. Beste resultat hans er framleis høgt opp på statistikkane i Jølster: 11,5 og 24,2 på høvesvis 100 m og 200 m i tillegg til 6,16 i lengde.


Distanseløp

I alle år har lengre løp vore det mest populære her i bygda. Å vere seig og uthaldande har alltid appellert til jølstringane. For å bli ein god mellom- eller langdistanseløpar var ein ikkje avhengig av bane. Treninga kunne nesten like godt gjerast på vegen eller i terrenget.

Frå midten av 50-talet og utover hadde Jølster spesielt mange gode mellomdistanseløparar. Vi snakkar då om distansane frå 400 m til og med 3000 m. Jostein Øvrebø er nemnd før, men her kjem raskt fleire: Dagfinn Strand var berre 17 år då han i 1957 presterte 4.20 på 1500 m og 16.51 på 5000 m. I 1959 kjem Odd Skrede for fullt og tek rekordane på både 400 m (52,8) og 800 m (2.02,4). God var han også på 1500 m med KM-tittel både i 1959 og 1960. I tillegg var han ein frykta stafettløpar, med andre-etappen i Breim som sitt speciale.

Ottar Svidal er ein annan god løpar. Han var alt som 16-åring inne på Jølster sitt seniorstafettlag. Han utvikla seg raskt til å bli veldig god som baneløpar. I åra 1961–63 var han den beste i fylket i sin klasse. Tidene han oppnådde, står seg godt den dag i dag: 2.02,0 på 800 m, 4.10,2 på 1500 m og 9.13,2 på 3000. Alt prestert som junior! Som første løpar frå Jølster kvalifiserte han seg til Junior-NM i 1963. Dessverre slutta Ottar å konkurrere etter 1963-sesongen.

Den som meir enn nokon tok opp arven etter Harald Hjøllbrekke på dei lange løpa, var Dag Heggheim. Han er fødd i 1942 og kan sjå tilbake på ein lang karriere både i og utanfor Jølster. Han var den første jølstringen som sprang under to minutt på 800 m (1.59,7), og han har ein imponerende serie sterke tider på distansane heilt opp til og med 10 000 m. I motsetning til så godt om alle utøvarane som før er nemnde, fortsette Dag å trene og konkurrere lenge etter han vart senior.



KM 4x400 m stafett, Høyanger, 1960. Frå venstre: Odd Skrede, Dag Heggheim, Ottar Svidal og Egil Støfring.

Oppsummering

Det er eit faktum at mange avslutta idrettskarrieren sin etter få år, før dei kunne fått ut sitt maksimale potensial. Årsakene er fleire. Det var ikkje vanleg, og kanskje heller ikkje akseptert, at vaksne folk brukte dyrebar tid til trening, i alle fall ikkje i sommarhalvåret, då så mykje anna skulle gjerast. Dette var ein situasjon som ikkje var spesiell for Jølster. Det er òg rett å seie at dei fleste ikkje trena mykje, i alle fall ikkje etter dagens nivå. Dei fleste eg har snakka med, hugsar at det gjerne var snakk om annankvar dag. Enkelte var på det meste oppe i fem økter i veka. Med det som bakgrunn, og når ein veit kor mykje betre baner og utstyr ein har i dag, er det imponerende kva resultat som vart oppnådde.

Når ein tek fram enkeltutøvarar i ein slik artikkel, er det alltid ein fare for at nokon som burde vore nemnde, er gløymde. I så tilfelle er det sjølv sagt å beklage. Alle som er nemnde her, var ofte å sjå på resultatlistene, og dei har alle plasseringar høgt oppe på jølsterstatistikken den dag i dag. Dette har vore bakgrunnen for å trekkje fram den enkelte her.

Avslutning

Etter 1963-sesongen gjekk friidretten i Jølster inn i ein bølgedal. Det vart færre jølstringar å sjå på banestemna. Lag på terrengstafettane klarte ein å stille, men også her gjekk det etter kvart nedover med plasseringane. Det var først midt på 70-talet utviklinga snudde, og etter kvart kom det som skulle bli den beste perioden som har vore, nemleg 1980-talet.

Dei som ynskjer å studere statistikkar og rekordar, finn ein dette på Jølster Idrettslag si heimeside.

Mange harde tak, men gode arbeidsår på gamleheimen på Helgheim

Av Einar Gautefall og Hallstein Dvergsdal

Johanna Årdalsbakke bygde Jølster gamleheim på Helgheim i 1926 og dreiv institusjonen privat. Johanna fekk også ein avtale med Bergen kommune og hadde ein del pensjonistar og krigsskade derifrå buande hjå seg. Jølster kommune tok over drifta av gamleheimen på Helgheim i 1955. Bygningen var i bruk som gamleheim til kring 1982, og i tillegg til alderspasientar budde det kronisk sjuke her.

Kokke og «frisør» Olaug Veiteberg og hjelpepleiar og «kommunalteknikar» Kirsten Yndestad ser tilbake på arbeidsåra på Jølster gamleheim frå midten av 1970-åra til 1982. Vi har samla dei til eit tilbakeblikk heime hos leiaren i mållaget, Hilde Yndestad Halland. Hilde hadde tre sommarjobbar her før ho valde å utdanne seg til sjukepleiar.

Harde tak

Olaug fekk tilbod frå Hallgjerd Sætveit om å begynne som kokke på gamleheimen rundt 1976-77. Kjøkkenet, som var i kjellaren, hadde ikkje all verda av standard og var ikkje såpass som det ho hadde heime eingong. Trappa frå kjellaren og opp var bratt og ikkje av dei beste, men det var handred, så det gjekk bra. Her skulle det lagast tre måltid

dagleg til 16-18 bebuarar. Om morgonen vart frukostborda dekte med plass til to eller tre ved kvart bord, og dei måtte no helst passe i lag, for elles kunne det bli litt knuffing. For dei som ikkje klarte å gå ned i stova, var det brettservering på romma.

Men trass i eit kjøkken som ikkje kunne seiast å vere direkte moderne, så hadde dei miksar til brødbaking, kvern til å male kjøtdeig med og ein stor steikeomn til brødbakinga. I tillegg hadde dei oppvaskmaskin, så det var bra.

– Men det verste var no rotter og myser. På bua der sylteglas og flasker stod, høyrde vi dagstøtt klirring frå glas. Ein morgon hugsar eg ei feit rotte som sat ved bosspannet utafor døra, fortel Olaug. Det vart lagt ut gift fleire gonger i månaden, og borte vart dei, men ei og anna mus og rotte overlevde likevel.

– Hadde vi hatt mattilsyn og arbeidstilsyn den gongen, hadde det nok blitt stengt, trur Olaug og får støtte av Kirsten, som også hugsar eitt og anna som eit eventuelt tilsyn ville hatt interesse av å sjå på.

– Nei, det var ikkje arbeidstilsyn den gongen. Nokre av

Gamleheimen på Helgheim, slik han ser ut i dag.





bebuarane som budde oppe, var ikkje så lette å få ned. Så når dei skulle bade, sette vi dei på ein vanleg stol med ryggstø, og så var vi to personar som bar dei ned den bratte trappa og same vegen opp att. At det gjekk vel, ler Kirsten.

Også Kirsten hugsar uønskte, pelskledd individ på gamleheimen, både to- og firbeinte. Dei med to bein hadde vengjer og likte seg godt i krikar og krokjar på loftet.

– Det var ikkje alltid det var kjøkkenpersonale på ettermiddagen, så når vi skulle ned i matbua for å hente maten som var tillaga, måtte vi sparke godt i døra slik at rottene og mysene kunne forsvinne bort i krokane før vi opna døra. Oppe i gangane og på loftet såg vi rett som det var flaggermyser. Dei hadde mange gøymeplassar i den store trebygningen. Det var så ille at eg måtte slutte å gå med kvitt antrekk etter at det var mørkt, for det verka som eit trekkplaster på flaggermysene.

Kirsten fortel at dei på denne tid også sette opp delte vakter. Då jobba dei frå sju til elleve, sykla heim att til Skei for så å stille på jobb att frå halv fire til ni. Om natta var det sovande nattevakt frå midnatt til seks om morgonen.

Turane til og frå Skei kunne by på mange spanande utfordringar. Dei sykla i allslags vêr, både regn og snø.

– Då Liv Turid Solvåg byrja, var vi så heldige å få sitje på i Saaben, lynet frå Skei. Noko eg hugsar godt, var då vi køyrde inn i saueflokkjen til Gudmund Haugen. Det var såpeglatt, og vi som sat bak, fekk plutseleg sjå saueføter opp etter ruta. Alle skreik, og Gunnhild Sunde, som sat på, var gravid på den tida. Såleis var vi redde for at det også kunne bli fødsel. Men vi hadde vel takla det òg, for i bilen sat både sjukepleiar, hjelpepleiar og kokka. Det var berre saksa som mangla, smiler Kirsten, over tretti år seinare.

Men dei fleste turane til og frå gamleheimen gjekk trass alt utan dramatik, og både Hilde og Olaug hugsar mange kjekke turar på sykkel. I godt vêr stoppa dei og gjekk ned til vatnet ved den store steinen nedanfor Hjalmar Fugle. Der stakk dei føtene i vatnet og tok seg ein røyk, dei to helsearbeidarane. Hilde er rask med å smette inn ein replikk når dette temaet kjem på bane.

– Då må eg få legge til at eg berre var 16 år og hadde sommarjobb på gamleheimen, så det var altså du, Olaug som lærte meg å røyke.

Denne trappa gjekk opp til andre etasje på utsida av bygget.

– Ja, men eg lærte deg å steike brød òg, parerer Olaug kjapt.

Det var ikkje berre bebuarane og dei tilsette som fekk mat frå kjøkkenet i kjellaren. Dei to tyske orgelbyggjarane som i si tid monterte det nye orgelet i Helgheim kyrkje, fekk òg mat frå kjøkkenet på gamleheimen. Dei fekk maten servert etter at husets folk hadde fått sitt, og dei såg fram til måltida med glede. Var det legevisitt dei dagane raspkaker, kjøtkaker eller pannekaker stod på menyen, måtte det lagast litt ekstra.

– Mors heimelaga middag er best, brukte doktor Skogen å seie. Elles baka vi alt av brød og kaffimat så nær som lefsene. Dei var det bygdekoner som laga, kan Olaug fortelje.

Kirsten kan fortelje om mange gjeremål og mykje variert arbeid. Kledda til bebuarane, arbeidstøyet til dei tilsette og ein del anna farga tøy vart vaska i kjellaren, rulla og lagt saman, medan sengetøyet vart sendt til vaskeriet i Førde. Eit problem med vaskeriet i kjellaren var at kloakken ofte gjekk tett. Det var gamle røyr som ofte måtte opnast med stakefjør.

– Ein gong vi fekk hjelp av ein kar frå kommunen til å stake opp. Han gjekk ned i kummen nedanfor huset, og du kan tenkje deg korleis det gjekk. Han fekk heile greia over seg, og dei som stod i glaset og såg det som skjedde, fekk noko å snakke om resten av denne dagen. Vi måtte sjølv-sagt hjelpe med å spyle han rein og finne nokre gamle, tørre klede slik at han kom seg heim att, minnest Kirsten leande.

Hilde starta yrkeskarrieren sin på kjøkkenet med å lage graut til heile denne bølgingen under oppsyn av Olaug, og når Liv Sandal var på jobb, kom ho alltid ned og leverte følgjande replikk:

– Eg lurar på om du har kokt grauten for lite eller for mykje i dag, Hilde, eller om han er akkurat passeleg. Og så smakte ho. Vart grauten godkjend, så var det for Hilde å gå opp til pleie av dei eldre.

Vatnet på gamleheimen vart pumpa frå Jølstravatnet, og pumpehuset låg nede ved vatnet. Fleire gonger i veka gjekk silen tett, og då var det for personalet å komme seg ned og skru sundt, reinske opp og setje i gang pumpa att. Så det var varierte oppgåver for ein hjelpepleiar, kan vi vel trygt slå fast.

Garderoben til dei tilsette var oppe på loftet på nokre klesnorer, og der var det fullt av flaggermyser. Ein gong skulle Dagrunn Åmot hente den nyvaska frakken sin som hang til tørk der oppe. Ho treiv frakken, vringde han på seg og sette i eit himla skrik. Då hadde ho fått med ei flaggermus mellom frakken og ryggen, kan Kirsten fortelje. Ho hugsar òg at loftet fungerte som tørkerom. Vedlikehald av arbeidsklede gjekk òg føre seg på loftet, der det var både symaskin og strykejarn.

På ein arbeidsplass som gamleheimen på Helgheim var også døden ein naturleg del av kvardagen. Eit dødsfall på den tungvinte institusjonen kunne by på visse utfordringar, og då var det om å gjere å ikkje stå opprådde. Det hende nemleg at folk døydde oppe, og trappa var smal. Det var ikkje lett å få ned kista. Difor måtte dei ut på altanen og la kista gli forsiktig ned på rekkverket.

Kirsten hugsar spesielt ei dame som døydde seint om kvelden 16. mai. Dette vart forferdeleg vanskeleg sidan det var dagen før nasjonaldagen.

– Dagen etter skulle skulemusikken komme med hurrap og flagg, så vi tykte ikkje vi kunne ha den døde liggjande. Då var Jørgen Helgheim god å ha. Han hjelpte oss med å få kista til Førde seint om kvelden. Vi hadde nok nokre timar overtid denne kvelden, men eg trur ikkje det vart ført, seier Kirsten alvorleg.

På det tronge badet der oppe var det ein vask, men det gjekk ikkje å få eit fat under, så dei måtte ause opp vatnet i vaskefatet. Dessutan gjekk døra inn, slik at om nokon datt der inne, måtte dei få skrudd døra av hengsla for å komme inn. Ting som dette kan vi smile og kanskje riste på hovudet av i dag, men det var altså ein del av kvardagen for kommunalt tilsette for ein mannsalder sidan.

Olaug hugsar 17. mai-feiringa som eit fint minne. Dette var høgtid, og stova var pynta med bjørk og kvite dukar på alle borda. Denne dagen vart frukosten servert oppe til alle. Dei gamle var fint pynta med nye klede og 17. mai-sløyfa festa på bringa. Utanfor hadde vi sett opp mjølke-spenn med bjørkelauv når skulemusikken i halv ti-tida kom frå Årdalen og spelte. Dei stilte opp i bakken utanfor, og ein eller annan heldt ein tale. Då var det mang ein som felte ei tåre, og det heile var rørende for kvar og ein.

Elles var tradisjonsmat på høgtidsdagar vanleg på aldersheimen som andre stader. 17. mai og feitetysdag var det alltid rømmegraut, på skjærtorsdag raspekaker med tilbehør og jonsokaftan var det rømmegraut og gombe.

Kirsten og Olaug nemner også fleire gode minne frå julefeiringane på gamleheimen. Den heimekoslege atmosfæren som rådde når alle bebuarane var samla i stova på julaftan, var noko alle sette pris på. Finkleda var komme på, og både mennene og kvinnene var nystelte på håret, takka vere Olaug, som ikkje berre sytte for pinnekjøtt og moltekrem, men i tillegg klippte, rulla opp håret og tok permanent. Eimen av pinnekjøtt spreidde seg i huset,



Dei tre damene tilbake på gamle tomter, også denne gongen transporterte med Saab. F.v: Kirsten Yndestad, Hilde Yndestad Halland og Olaug Veiteberg.

juletreet var tent og borda pynta med det finaste dekketyet. Styrarinna las juleevangeliet, og pårørende til dei som budde der, kom med pakkar. Dei sprekaste til beins var med og gjekk rundt juletreet, og under kveldsvakta vart julepakkane opna. Det var litt ekstra betjening denne kvelden for å gje ei hand til dei som trong ekstra hjelp.

Julaftan 1980 har likevel festa seg hos begge fordi kulde og straumbrot skapte store utfordringar. Straumen gjekk midt under gudstenesta, og dei måtte fyre opp i kaminen, tenne stearinlys og samle alle i stova. Og når det ikkje var straum, hadde dei heller ikkje vatn. Det måtte fraktast frå naboar, og dei som kom på vakt, hadde med seg varmtvatn heimanfrå. Første juledag var straumen framleis borte, og denne kveldsvakta var eigentleg einaste gongen at Kirsten kan hugse at ho var skikkeleg redd.

– Vi var berre to på jobb denne kvelden, og mange av dei eldre var redde for å legge seg i mørke. Vi hadde berre to lommelykter og måtte bruke mange levande lys på romma i den store, brannfarlege trebygningen. Heldigvis gjekk det bra. Vi var ein godt samansveisa gjeng som arbeidde der framme, så vi klarte det meste, avsluttar Kirsten og leverer stafettpinnen til Hilde, som også hugsar at det å arbeide på gamleheimen betydde ein mangfaldig kvardag.

– Det som er å seie om denne tida, er at på gamleheimen hadde dei som arbeidde der, ansvar for absolutt alt. Når stellet var ferdig, var det å tørke støv og vaske golv. Eg har òg vore med på å henge ut glaset og vaska rutene med rumpesprit.

Også Olaug hugsar tilbake til tida på gamleheimen med glede, trass i mange harde tak.

– Det var kjekt å arbeide på gamleheimen. Noko av det eg sette mest pris på, var at mange av dei gamle var så flinke til å fortelje frå ungdomen sin. Hadde dei gamle kvit-skura veggane der ute på Helgheim kunna fortelje, hadde det blitt ei heil bok, avsluttar ho, og dei to andre nikkar samtykkjande.

6. KLASSE VASSENDEN SKULE



Nede frå venstre: Renata Sikora, Malin Ø. Thorsen, Preben Kjeilen Johnsen, Ben Dohm, Carina Farsund Aalhus, Bendik Hamar

Midten: Markus Torpe, Leo Nordhaug Vatne, Magnus Reite-Bjellaas, Magnus Kjørnes, Oda Astrup Aamodt, Anders August Stavøstrand, Zakarias Bergman Førde

Bak: Kristoffer Søylen, Tonje Sundal, Nora Jarning, Hans Anders Gjerland, Vegard Lofnes, Daniel Dvergsdal, Emilie Hansen Hårklau, Marcus Vasstein Didriksen

Renata

Katt

Katten min er så slem
Tissar i gangen
Et maten min
Øydelegg kleda mine
Men like vel er han så fin
At eg kan ete han opp. (-;



Magnus

BERGEN

I Bergen regnar det året rundt.
Du blir lurt trill rundt.
Berre surt og kaldt.
Ingen plass for mann og folk.



Malin

Høst

Gul, oransje, rødt.
det er bløtt.
Bløda feil
Det er HØST!

Malin



15

Oda

Jølster


Sola skinne dei grøne vinne.
Mannen gagnar dei andre tapar!



Preben

Brann


Dei kjempa alle mann,
dei gjer alt dei kan.
Sogndal skal dei stå
HEIA BRANN.



6. KLASSE VASSENDEN SKULE

Magnus Kjøsnæs

Ski Magnus kjøsnæs



Ski er bra
 Triksing ja
 Stå på ski det kan eg veldig bra
 No gjeld det ski
 Men mest å gli
 Varme pølser no
 Deilig og god
 Jakka er stor
 Men dett av no
 Stor fart no
 Hoppe, hoppe høgt

Markus Torpe

Ei kyr.


Ei kyr blei til ein sau
 som blei til eit lam
 som blei til ein hund
 som blei til ein katt
 som blei til ein hane
 som blei til ei høne
 som blei til ein kylling
 som blei til ein kanin
 som blei til ein kaninunge
 som blei til ei mus
 som blei til fjøsen min
 som er full av slike dyr.



Marcus

Ski

Ski er gøy, ski er kjekt
 ski vil alltid vere best!



Leo

Snowboard

Eg sto på toppen av bakken,
 med snowboard.
 Eg skulle hoppe men lands på nakken.
 Eg grua meg til at pappa skulle ta frå meg brøttet.

LEO



Kristoffer

Katten min

Katten min kan klatre
 Katten min kan kose
 Katten min kan springe
 en det er ein ting ho kan betre enn noko anna
 og det er å leve livet!



Anders

Huset mitt

Grått
 Vått
 Blått
 Godt,
 Pizzaforma er lagd av gummi.
 Og plankane er lagd av fløyte.
 Og det regnar alltid vaniljesaus,
 For di det er so nydeleg...
 Kva no?
 Veit ikkje. Anders



Vegard

Dal

Dalen er blå og grøn, himmelen er lys som sola.
 Fossar glitrande av fin natur, enger fulle av blomstrar.
 Huler mørke som natta, og fulle av skumle dyr.
 Dalen er full av liv, gøy og skrekkt!

Vegard



Hans Anders

ski

Det som er bra med høsten
 er at vinteren snart tar over...
 Ski er gøy
 Ski er toppen

Hans Anders




Emilie




Ben



Carina



Tonje



Nora



Daniel



Ski



Zakarias



Ho er Jølster sin nye rockepoet

Av Hallstein Dvergsdal og Einar Gautefall

– Eg skriv fordi det er moro. Det å bli forfattar på heiltid har aldri vore eit mål, seier Marianne Clementine Håheim (25). I fjor debuterte ho med diktsamlinga *Bilydar* på Oktober forlag.

Marianne er i dag student på tredje året ved Westerdals Høyskole, Tekst & Skribent, der målet er ein bachelor i tekstforfattarskap. Etter det er planen å bli kommunikasjonsrådgjevar, helst i ein eller annan ideell organisasjon. Frå før har Marianne ein bachelor i litteraturvitskap.

Det starta med tuba

Mi venninne Anja er ein tuba, og plasskrevjande som få. Ho sjølv er ikkje av dei største jentene, men sjela hennar er svær som berre fy. I likskap med tubaen, rommar ho det meste – berre ikkje sjenanse.

Slik opnar ein liten tekst som Marianne publiserte på internett i 2002, 14 år gammal. Dette vart starten på hennar karriere som skrivande menneske, ein karriere som så langt toppa seg med den vesle boka *Bilydar*, ei diktsamling som har fått strålende kritikkar, og som gjorde at debutanten siste halvåret har kunna leve av honorarinntekter. Det må seiast å vere ein prestasjon i seg sjølv, og på ingen måte sjølvsgagt for ein ung debutant i ein «smal» sjanger som lyrikk.

Drøymde om bok

Arbeidet med *Bilydar* tok fleire år, men vegen mot det å bli forfattar tok til då ho gjekk skrivekunstlinja ved Åsane Folkehøgskule. Då oppnådde ho å bli med i forlaget Cappelen sin debutantantologi, *Signaler*. Dette inspirerte sjølvsgagt den unge forfatterspiren, og draumen om ei eiga bok fekk ny næring.

– Eg har alltid hatt lyst til å skrive bok, fortel Marianne, som etter kvart forstod at det å få gitt ut ei diktsamling ikkje var av det enklaste.

– Eg prøvde meg først hos Cappelen, men fekk nei. Etter å ha venta nokre år, sende eg inn tekstar både til Cappelen, Samlaget og Oktober, og eg fekk då ein kjapp telefon frå Oktober, som bad meg vente med å love meg vekk til andre.

Dermed var snøballen byrja å rulle, og Oktober bestemte seg for å satse på den unge jølstringen. Men sjølv om forlaget ville gje ut diktsamling med Marianne, så var likevel vegen fram til ferdig bok lang. Mange nye tekstar måtte på plass, og mykje kommunikasjon med forlaget sin redaktør måtte utvekslast før det endelege manuset var klart.

Kjensler og kropp

Bilydar er ei samling dikt som handlar om kjensler, om



Marianne Clementine debuterte med diktsamlinga «*Bilydar*» i fjor. Boka fekk strålende kritikkar og neste bok er under arbeid.

kjærleik, om død og om kropp. Også samspelet mellom kroppar er tema.

*berre så du veit det:
dersom hjartet ditt var eit rom
skulle eg gått inn med sko på
markert på det flett nye golvteppet
og knust noko fint*

– Eg er brutalt ærleg når det gjeld kropp og det å skildre kropp, slår Marianne fast utan å nøle.

– *Bilydar* handlar om folk i ulike situasjonar. Det ser på mange måtar ut som det handlar om eit par, men det er feil. Oktober forlag seier det slik i si omtale av diktsamlinga: *Dikta i Bilydar fortel ei kjærleikshistorie som rommar fleire*

kjærleikar, fleire kroppar. Dei er merka på kvart sitt vis, og dei er i trefningar på mange slags plassar – like gjerne ei lauvhytte som ein benk som ein hardcorekonsert. Den gjensidige utforskinga som tek til når to menneske rører ved kvarandre, blir til eit stort landskap. Dei klangfulle og spørjande dikta til Marianne Clementine ligg tett opp til musikken.



Ho avslører også at ideen om nytt namn ikkje fall heilt i god jord hos foreldra, slik med det same i alle fall, men at det har gått seg til etter kvart.

Sjukdom har prega skrivninga

Fjorten år gammal vart Marianne råka av anoreksi, ein sjukdom ho sleit med i lang tid.

– Eg var veldig, veldig sjuk og låg mellom anna fire månader på Haukeland sjukehus, fortel Marianne og legg til at ho på mange måtar har slite med dette sidan. Sjukdommen har på mange måtar prega skrivninga hennar, og ho både skriv og har skrive mange tekstar om denne tida.

– Ønsket er å vise fram denne sjukdommen på ein ærleg måte, vise alle aspekta ved det å ikkje vilje ete. Eg har skrive ned alt som skjedd i denne tida, og sjukdomsperioden og alt rundt han går som ein raud tråd gjennom alt eg skriv, seier Marianne alvorleg før ho viser fram alle tatoveringane ho har, mellom anna orda «Bird gehrl» på brystet og figurar både på halsen og armane.

– Er du ute etter å sjokkere?

– Det kan nok hende tatoveringane mine sjokkerer fleire enn lyrikken, og avisa Klassekampen kalla meg nye norske rockepoeten. Og akkurat det vil eg også helst vere, smiler Marianne, som også er klar på at musikk spelar ei viktig rolle i livet og forfattarskapet hennar.

– Eg blir faktisk meir inspirert av musikk enn av litteratur, og det finst mange referansar til musikk i boka mi. Bokomslaget på Bilydar liknar også mest av alt på eit plateomslag, noko Marianne seier var eit bevisst val. Ho ville ha eit spesielt plateomslag, og det har ho fått.

Meir på lager

– Har du planar om ny bok?

– Ja, eg skriv på den andre boka mi, men det er uvisst når ho kjem ut. Dikta kjem til å handle om tida då eg var sjuk, ein spesiell periode i livet mitt, svarar Marianne, som sjølv om ho bur i Oslo har ei sterk tilknytning til heimbygda og miljøet ho vaks opp i. I sommar var ho heime i Jølster ein heil månad, noko som ifølgje forfattaren ikkje har skjedd på ei stund. Marianne avslører også at ho på ein måte skifter identitet når ho er på heimlege trakter.

– Eg er ein heilt annan person her enn i Oslo, og det var rart å vere denne personen så lenge som eg var i sommar, smiler Marianne, som sidan boka kom ut, har hatt mange opplesingar landet rundt, mellom anna på litteraturhusa i Oslo og Bergen, og Rockefeller i Oslo. Ho har også vore på heimlege trakter og lese dikt i Trivselshagen på

Sandane, ein stad ho har sterk tilknytning til sidan ho i si tid gjekk på Firda vidaregåande.

Studentradio

Marianne har også markert seg som radiomenneske, gjennom sitt arbeid i Studentradioen i Oslo, Radio Nova.

Der arbeider ho i litteraturmagasinet Tekstbehandlingsprogrammet. Ho har også skaffa seg eit ekstra namn, Clementine. Ideen til nytt namn fekk ho av ei veninne som skaffa seg eit nytt, ekstra namn, Constanze. Det å skaffe seg eit nytt namn er ikkje berre enkelt, og det måtte sjølv-sagt søkjast til styresmaktene for å få bruke namnet. Det fekk ho lov til, og no er namnet Clementine i bruk i alle samanhengar, også på omslaget til Bilydar.

– Eg føler meg meir kul med dette namnet, kan Marianne fortelje. Ho avslører også at ideen om nytt namn ikkje fall heilt i god jord hos foreldra, slik med det same i alle fall, men at det har gått seg til etter kvart.

■ *du oppdagar
marebakken
i latteren min*

*vassar ut på brådjupet
og fotograferer
det som lever der*

*bileta vert vakre
men berre tenk kva folk
ville trudd om meg*

■ *vi oppdagar
dei mjuke stadene
på kroppen*

*der vi framleis er
fuglar som framleis er
dinosaurar*

slik er vi milliardar av år gamle

*og kan snakke om
meteornedslag
om stille
og nye livsformer*

Han bytte ut sauene med utstoppa dyr

Av Hallstein Dvergsdal

Det var for tjue år sidan at Vidar Aardalsbakke Djupvik frå Fusa i Hordaland bestemte seg for kva han skulle bli. I dag er 36-åringen etablert som utstoppar, eller taksidermist som det også heiter, i «Bakkjen» i Årdalen.

Det starta med at han fekk prøve seg som utstoppar hos ein sambygding i Fusa som dreiv litt i faget. Dette gav tydelegvis meirsmak, for nokre år seinare var han i gang med utdanning i taksidermi i Søgne i Vest-Agder. Etter det vart det to år som lærling, før han tok fagprøve og starta eiga bedrift som utstoppar heime i Fusa i 2003.

Med jobben som hobby

– Eg har levd av å stoppe ut sidan eg starta i 2003, men den første tida var vanskeleg. Det er eit vanskeleg fag og mykje som skal lærast. Men no går det bra. Det var mindre konkurranse om kundane her enn i Hordaland, og så kunne eg faget då eg etablerte meg her, fortel mannen som fann kjærleiken i ei odelsjente frå Jølster og flytta både seg sjølv og butikken med henne til heimegarden i Årdalen for fire år sidan.

– Eg vart godt motteken her i Jølster, ingen ting å seie på det, men eg fekk nok høyre før eg kom her at jølstringane kan vere litt tilbakehaldne og skeptiske. Dei er kanskje ikkje dei som trakk ned dørstokkane til folk i tide og utide, fekk eg høyre. Men det har gått bra alt saman, og no er eg så heldig at eg kan ha hobbyen min som yrke, smiler Djupvik og legg til at hjortejakta og jaktterrenget han har hamna i, er noko av det han er mest nøgd med i Jølster.

Men han saknar sjøen, noko Jølstravatnet ikkje heilt kan vege opp for, sjølv om det er ei god hjelp, seier han og ser så absolutt det positive i at det ikkje finst brennmaneter i dette vatnet.

Sauene måtte vike

Bruket som kona Jofrid og Vidar overtok, var eit sauebruk, og ikkje av dei største og flataste. Dei dreiv med sauene som før første året, men etter at året var omme og rekneskapen skulle gjerast opp, synte botnlinja minustal. Dermed var det over og ut for sauene, kanskje eit naturleg val sidan utstopparen trong meir lokale til verksemda si.

Løysinga vart å ominnreie sauefjøsene til verkstad, lager og utstillingsrom, eller eit dynamisk museum, som Innovasjon Noreg føreslo å kalle rommet der kundane hentar produkta sine, og der ei mengd utstoppa dyr og fuglar står utstilte.

Dette rommet har han òg innreidd og møblert slik at det kan brukast som kurs- og møterom, kanskje også som selskapslokale på litt sikt. Rommet er i tillegg utstyrt med kinoanlegg og djupe sofaer der publikum kan sjå film og bilete i samband med kurs og liknande.

– Her kan det bli varierte aktivitetar etter kvart, og eg håpar at det kanskje kan bli ein møteplass for jakt- og friluftinteresserte jølstringar, forklarar Djupvik og peikar rundt i rommet der dyr og fuglar av mange slag prydar veggene, og der ein peis sett inn i ein vegg av kunstig fjell skapar den rette stemninga. Kva dette rommet skal bli heitande, er ikkje heilt avklara, og han vil helst ikkje kalle det «showroom». Så dermed blir oppfordringa til Jølst sine lesarar å komme med framlegg til eit godt, norsk namn på det flotte lokalet, som for ikkje lenge sidan var sauefjøs.

Vidar stoppar ut både fuglar og dyr, og dei ser utruleg levande ut. Det skal både innsikt og handlag til for å få til slikt.



Mykje pirkearbeid

Å stoppe ut fuglar, dyr og fisk er eit tidkrevjande og nøyaktig arbeid, der lite eller ingen ting kan overlatast til flaks og tilfeldige innfall. Her må alt gå nøye etter boka, og det er mange og kompliserte prosessar som ligg bak eit ferdig preparat.

Allt skal flåast, enten det er dyr, fuglar eller fisk, og skinnnet skal skrapast og «tynnskjerast». Det siste gjeld først og fremst større dyr, der skinnnet først blir skrapa reint for feitt og kjøt, før sjølve lêret blir avskava og gjort tynnare med ei spesiell sag. Sidan skal skinnnet gjennom ein lang garveprosess før heile stasen blir monterert på ferdiglaga modellar produserte i skum og støypte i polyesterformer.

– Det meste blir laga her, og berre auge og enkelte skallar blir kjøpte ferdige, fortel utstopparen og viser rundt i det som ein gong var ein fjøs, men no er delt opp i fleire små og større rom. På låven er det lager av skrog til fuglar og dyr i tillegg til kjemikaliar, skum og andre ting som blir brukt i utstoppinga.

Eit utdøyande fag

Ifølgje Vidar er det nesten ingen som utdannar seg i faget taksidermi lenger, noko som betyr at det blir stadig meir å gjere for dei som er att. Aardalsbakke Djupvik er i den heldige situasjon at han hadde etablert eit namn som utstoppar då han kom til Jølster. Mange av kundane frå tida i Fusa vart også med på lasset til Jølster, så arbeid har han hatt rikeleg av.

I dag har han kundar frå store delar av Sør-Noreg, men mest frå Vestlandet. Kundemassen spenner vidt, frå institusjonar til private. På kundelista har han både akvariet i Bergen, Langedrag Familiepark og eitt og anna museum, men mest handlar det om private som kjem med jakttrofé eller andre ting som skal preparerast.

Og for utstopparen i «Bakkjen» er ingen ting for lite og ingen ting for stort. I «fjøsstova» kan vi sjå alt frå ein heil kronhjort til små fuglar og ekorn. Hjorten er den same som i påska vart plassert ute på Jølstravatnet, og som skapte mykje oppstuss og nærast trafikkork på E 39 av folk som skulle fotografere den staselege hjorten ute på isen. Så naturtru at mange gjekk i fella og trudde han var ekte.

Kva det har kosta av tid å stoppe ut den staselege hjorten, veit han ikkje, men det er ein god del. Det han derimot veit, er prisen, for dei som måtte sysle med tankar om å kjøpe seg ein ferdig utstoppa kronhjort. Den kjem på den nette sum av 40 000 kroner, sikkert ein heilt grei pris for dei som måtte ha ein passeleg, ledig krok i stova å avsjå.

Heile faunaen

Av dyr og fuglar som gjennom åra har blitt utstoppa i Jølster, finn vi eksempel på det meste av det norsk fauna kan by på. Sidan utstopparen held til på Vestlandet, er det sjølvsagt naturleg at hjorten er det dominerande dyret, men alt av norsk storvilt har vore innom utstopparen i Årdalen, i tillegg til eitt og anna eksemplar av afrikansk vilt. På veggene heng det eit hovud av ein gnu frå Namibia, ein halv impala frå same landet som skal bli til vinstativ, og det har også vore ymse vilt frå Sverige innom dørene.

Men det er sjølvsagt norsk vilt som dominerer, og midt



Denne utstoppa kronhjorten vart plassert på isen på Jølstravatnet sist vinter, noko som fekk mange forbifarande

Vidar Djupvik Aardalsbakke har etablert seg som utstoppar i Årdalen. Der trivst han og der tek han i mot kundar frå store delar av landet.



på golvet ligg det ei gaupe monterert på eit arrangement av kunstig fjell. Gaupa skal til Langedrag Familiepark, men inntil vidare ligg ho og ser på ein utstoppa rådyrkalv, eit rådyrhovud og ei mengd store og små eksemplar av fuglar og dyr frå norske skogar og fjell.

Rev kan vi sjå både sitjande, ståande og liggande. Ein av dei har ei rype i kjeften, og på golvet kan vi sjå ein heil mårfamilie. Rovfuglar og ugler av mange slag sit oppe på veggane og er så naturtru at det er nesten så vi ventar at dei skal slå ut vengjene og flyge av garde. Også dei andre fuglane og alle ekorna som finst her, er utruleg «levande», noko som vitnar om at utstopping ikkje berre er eit pirkearbeid, men at det også krev mykje kunnskap om zoologi, anatomi og om åtferda til dyr og fuglar.

Dei fire store

Det er ikkje berre gaupe av norske rovdyr denne mannen har hatt til utstopping, nei, han har vore bort i både bjørn, ulv og jerv i tillegg. Utanlandsk svartbjørn har han også

Nytt frå Jølster Mållag

Av Hallstein Dvergsdal

Jølster Mållag har vel hatt eit arbeidsår sånn på det jamne, men det merkast sjølvsagt at vi har vore gjennom eit språkår. Eit år som for vår del vart markert på årsmøtet, der den avtroppande leiaren i Noregs Mållag, Håvard B. Øvregård, møtte opp som representant for mållaget sin språkstafett.

Mållaget sin språkstafett starta i Ørsta i januar og vart avslutta i Bykle i Setesdal i oktober. På turen har svært mange lokallag hatt besøk av stafetten, og mange og gode arrangement har det vore rundt om i landet. Alt i alt har stafettbilen køyrt 12 000 km og har hatt 140 stogg.

I Jølster brukte stafetten ein heil dag, der besøk på skulane og ein tur på kommunehuset stod på programmet på dagtid. Om kvelden var Håvard B. Øvregård til stades på årsmøtet, der han fekk møte ordføraren, som var invitert til å ta imot stafetten. Ordføraren sa mellom anna i samband med overtaking av stafetten at han ville arbeide for at kommuneadministrasjonen til kvar tid har ein så god og korrekt språkbruk som mogeleg.

Jølster Mållag hadde som vanleg bokdag på Eikaasgalleriet i november i fjor, eit arrangement som vart godt besøkt. Vi hadde denne gongen satsa spesielt på barnelitteratur, og Janne Karin Støylen fortalde engasjert og levande om eit utval nynorske barnebøker som ho hadde med seg. Støylen vart seinare under bokdagen tildelt Jølster Mållag sin Målros-pris som takk for det arbeidet ho har gjort og gjer for å formidle nynorsk litteratur og skriftmål.

Engasjerte var også forfattaren Anne Viken frå Bygstad, som presenterte barneboka si om Elise og mysteriet med dei kvite hestane, og Elsa Norunn Håheim Nydal, som las frå den siste diktsamlinga si, «Frøsprengingssnø». Det var som vanleg høve til å kjøpe nynorske bøker under bokdagen, og salet såg ut til å gå bra, noko som også vart bekrefta av bokhandelen som var der.

Jølster Mållag var sjølvsagt også i år representerte på

landsmøte og fylkesårsmøte. Leiar Hilde Yndestad Halland og Einar Gautefall var utsendingar på landsmøtet i Ørsta, medan nestleiar Hallstein Dvergsdal representerte laget på fylkesårsmøtet på Skei. På landsmøtet tok Marit Aakre Tennø frå Luster over leiarklubba etter Håvard B. Øvregård.

Jølster Mållag vil halde fram med å ha fokus på barne- og ungdomslitteratur og born og unge sin bruk av språk. Korleis dei unge brukar det norske språket, er avgjerande for framtida til nynorsken, og det er såleis all grunn til å gje honnør til skulane i Jølster for deira markering av språkåret sist vinter. På Vassenden skule slo dei like godt til med ei heil språkveke der språk og språkbruk stod på timeplanen. Eit veldig bra arrangement som fekk mykje mediemerksmd.



↑ Forfatter, veterinær og samfunnsdebattant Anne Viken fortalde om barneboka si «Elise og mysteriet med dei døde hestane» på bokdagen.

↘ Janne Karin Støylen fekk Målrosprisen for 2012. Den fekk ho for sin innsats for formidling av nynorsk litteratur og språkbruk.

↙ Ordførar Oddmund Klakegg får overlevert språkstafetten av dåverande leiar i Noregs Mållag, Håvard B. Øvregård.



Han bytte ut sauene med utstoppa dyr

hatt mellom hendene, og dette med utanlandsk vilt er noko som aukar på, etter at det har blitt meir og meir vanleg med jaktreiser til fjerne strok.

Sjølv har han vore ein tur til Namibia i Sørvest-Afrika, men greier seg elles bra med hjortejakta i Jølster.

– For ein hjortejeger som meg er dette eit eldorado, smiler Vidar og peikar opp i lia der hjortebrøla kan høyrast om kveldane, og der jaktterrenget tek til så snart han er kommen opp om gardfjøsene. I dette terrenget har han hatt mange spennande opplevingar, og på vakre haustdagar som den som var då vi var der, kan det nok av og til vere meir freistande å dra til skogs på jakt enn å arbeide med utstopping, sjølv for ein som har hobbyen som arbeid.

Ei verksemd i utvikling

Det har skjedd mykje sidan Vidar Aardalsbakke Djupvik starta verksemda Vestnorsk Trofé-Montasje for ti år sidan. Mykje av den utviklinga har skjedd etter at han flytta frå Fusa til Jølster for fire år sidan. Frå starten i delvis tronge lokale har no heile den tidlegare driftsbygningen til disposisjon og har gjennomført ei stor og omfattande ombygging.

– Eg var i den heldige situasjon at eg hadde eit hus i Fusa. Det var kjøpt billeg og vart selt dyrt, for å seie det slik. Dermed hadde eg ein brukande startkapital då eg kom til Jølster, noko som gjorde det mogeleg å ta dei investeringsane som eg har gjort her. Det er såleis ikkje inntektene frå utstoppinga som gjer at eg har kunna byggje om fjøsene slik som vi har gjort, fortel Vidar som forklaring på dei store investeringane som er gjort i arbeidsplassen.

Men dyrt eller ikkje; han har i alle fall fått seg ein romsleg og triveleg arbeidsplass, sjølv om ein del av grov-arbeidet framleis går føre seg i ein trong kjellar under eitt av dei mange husa i tunet.

– Med utstillingsrommet i fjøsene har eg no ein grei plass å ta i mot kundane, og eg merkar at eg brukar meir tid på kundehandsaming enn før, seier utstopparen, som ikkje har planar om å starte opp att med sauer med det første.

– Vi har til saman 13 bygningar på garden. Klarar vi å halde dei og jorda i orden, så får det greie seg, meiner utstopparen, som har leigd ut jorda til ein nabo som framleis driv med sau.

Fleire bein

Sjølv skal han utvikle verksemda si vidare og ser føre seg at produktet «kunstig fjell» kan gje han eit ekstra bein å stå på i framtida. Dette er eit produkt laga av eldfast materiale som han først og fremst brukar som monteringsbasis for dyr og fuglar som høyrer heime i eit miljø av fjell og stein. Dette materialet kan også brukast som brannmurar og som innfatning til peisar, noko han har eksperimentert ein del med og også levert nokre av. Sjølv har han ein slik peis i «fjøsstova» og håpar det kan bli ein marknad for dette produktet som alternativ til tradisjonell muring.

På spørsmål om det kan bli aktuelt med fleire tilsette, er svaret nei.

– Eg har hatt eit par lærlingar innom, men elles trivst eg

godt åleine. Folk må gjerne komme på besøk å sjå kva eg driv med, og også besøkje Facebook-sida mi, Vesttrofé. Men noko organisert opplegg med ope hus og omvising legg eg ikkje opp til, avsluttar mannen som får daude dyr og fuglar til å sjå levande ut, og som har etablert seg i Jølster som ein av to utstopparar i fylket. Ei verksamd basert på daude dyr, som han har god tru på skal gå an å leve av også i framtida, og som så langt har vore betre butikk enn dei levande sauene som tidlegare heldt til i fjøsene i «Bakkjen».

fleire dikt

Marianne Clementine

■ språket mitt har blitt for lite
for det kjærleiksdiktet
eg treng å skrive

eg treng å skrive deg i senk
men minnet om deg
har vakse seg like stort som

heile bygningar
og alle gater
eg har mist deg i

■ når eg vaknar har det snødd
og du har bite
store stykke
ut or armen min

eg kysser blodet ut or
munnvikane dine
og spring

blir i denne rørsla
vekk frå deg

■ eg vaknar i mi eiga seng
og kjenner at noko manglar

dette soverommet pla vere fullt
av latteren din
fjorden vår pla vere full
av niser

(delfinar kan velje
å ikkje symje til overflata
for å puste inn

det er nesten tristare
enn fråveret ditt)

Bjørset – tingstad og lensmannsgard

Av Svein-Olav Sandnes

Bjørset var i lange tider nesten som ein embetsgard i Jølster, som bustad for lensmenn og offiserar – ja, til og med ein sorenskrivar eit par år. Med plasseringa midt i Jølster passa det godt at garden også var tingstad i minst hundre år. Bjørset var frå gammalt ein såkalla laupsgard (brukaren gav 1 laup smør i landskyld), og med det mellom dei seks–sju største i bygda. Garden var delt mellom to eigarar: Halvparten var ått av prestebolet i Jølster, og halvparten var i privat eige.

Dei arkeologiske utgravingane langs E 39 avdekte spor etter jordbrukarar på Bjørset 4000 år tilbake i tid, men vi må mykje nærare vår eiga tid for å finne noko skriftleg om garden. Som dei fleste andre gardane i Jølster er Bjørset nemnd første gong i skatteteljinga i 1563, då ei enkje sat som brukar der. Garden var einbølt – altså ikkje delt i fleire gardsbruk – til inn på 1840-talet.

Tingstad

Dei gamle bygdedinga har røter langt tilbake i tid. Ved kongeleg forordning av 1590 blei bygdedinget omgjort til underrett, der bøndene skulle forvalte den lokale domsmakta. Ordninga med bygdedinget som førsteinstans heldt fram i over 200 år, fram til 1797, då forlikskommisjonane vart oppretta.

Dei eldste tingbøkene for Sunnfjord som framleis finst i dag, er frå 1681. Deretter finst det bøker sporadisk framover til 1740-åra, men frå då av er alle tingbøkene tekne vare på. Vi veit likevel ein del om det som vart teke opp på tinget også før den tid, for dei sakene som folket måtte bøte for, finst innskrivne i futerekneskapane tilbake til 1597.

I futerekneskapane er det innført tre typar inntekter for kongen. Der var sakefall (bøter på lovbrøt), førstebygtsel (gardfesting) på gardar som kongen åtte og tredjeårsbygtsel (også kjent som tredjeårstake) på dei same jordene. I Jølster er det i alt nemnt nær 700 sakefall frå 1597 til 1697, altså nesten sju saker per år.

Dei minste bøkene var ½ dalar (ofte for stemnefall; det at folk var innstemna til tinget, men ikkje møtte). Den største bota er frå 1612 då «Olluff paa Schræde» måtte ut med 50 dalar for å ha stole pengar og eit mårskinns frå lensmannen, «i Druckenskab». Vi finn elles døme på nokre få svært alvorlege saker, der bøkene går opp til 30–32 dalar, men dei fleste sakene vart avgjorde med 2–4 dalar i bot (noko som svarte til verdien av 1–2 kyr). Spesielt tidleg på 1600-talet vart mange «leiermaal»-saker (samleie utanfor ekteskap) dømde hardt, ofte med bøter opp til 20 dalar. Men det kunne også vere dyrt andre vegen: I 1618 hadde «Jacob Thorleffssenn paa Helgenn» (Helgheim) påstått å ha lege med ei enkje på Sunde, noko ho svor ikkje var sant. For dette måtte han ut med 20 dalar i bot til kongen.

Andre saker som var oppe på tinget, var forordningar og annan informasjon frå kongen og administrasjonen hans i Bergen og København. Bygselbrev og skøyte, og eventuelt andre avtalar, vart også tinglyste på tinget.

Sunnfjord futedøme («fogderi») var delt i seks skipreider eller tinglag: Askvoll, Kinn (noverande Flora og Bremanger), Ytre Holmedal (Fjaler), Indre Holmedal (Gaular), Førde og Jølster. Kvar skipreide hadde sitt eige ting. Det var stort sett halde ting tre gongar i året, vår-, sommar- og haustting, der tinget i starten av juli var hovudtinget. I Jølster heldt dei vanlegvis ting i to påfølgjande dagar.

Dei første tinga i Jølster som vi veit om, vart haldne på Hegrenes i 1590-åra, der dei hadde tingstove. Etter kvart ser det ut til at tingseta i nokon grad følgde kvar lensmannen budde, og utover 1600-talet er det difor nemnt ting også på Nedrebø, Bjørset og Sandnes. Frå Tollef Hansson vart lensmann i 1730, var Bjørset fast tingstad i hundre år. Også etter at dei seinare lensmennene var busette andre stadar, heldt tinget fram her, men etter at Hans Brun Landmark kom til bygda som lensmann i 1829, tok Eikås over denne funksjonen. Tingstova som stod på Hegrenes, vart etterkvart flytta til Bjørset, og der står ho den dag i dag.

På tinget møtte sorenskrivaren og futen som representantar for kongemakta. Futen hadde ansvar for å få inn det som skulle betalast i bøter og skattar. Saman med seks utvalde lagrettemenn frå bygda – dei beste menn i bygda – dømde sorenskrivaren i tvistar mellom folk og i saker der dei styrande elles fann at lova var broten. Etterkvart tok sorenskrivarane meir og meir over som dømmande, og lagrettemennene fekk mindre å seie. Vanlege folk som var innstemna av lensmannen, møtte også på tinget, om det no var fordi dei var skulda for eit lovbrøt eller at dei skulle vitne i ei sak.

Det var ofte lange reiser for fut og sorenskrivar og tenarane deira, og på vår kant av landet gjekk mykje av ferdsla i båt. Futane og sorenskrivarane i Sunnfjord budde oftast i Askvoll og Dalsfjorden, men etter 1700 også nord for Staveneset: på Svanøya og på Førde-gardane Hafstad og Bruland.

Mange av dei eldste protokollane er vasskada, eit teikn på at det ikkje alltid var godt vêr før i tida heller. At det var langt heim når ein fann ut at ein mangla noko, kan ei innskrift i tingbok frå 1830-åra vise. I tingboka dukkar det brått opp innføringar som høyrer til i ei pantebok (der ein m.a. førde inn eigedomshandlar og pengelån), og forklaringa følgjer her: Skrivaren beklagar seg over at han visst har gløymt å ta med alle protokollane på turen og difor må føre inn alt som var oppe på tinget, i same boka ...



Dette er tingstova som har stått på Hegranes, og som vart flytta til Bjørset av lensmannen som då budde der. I stova er det oppbevart nokre dekorerte bord. Det er del av eit døroverstykkje til ein dobbelportal med runde bogar og mellomalderdekor. Vi ser årtallet 1593 innskore. Borda har snorboge som er romansk motiv frå steinkyrkjer.

Kilde: «Audun Hugleiksonn» Yngve Nedrebø, Berit Gjerland, Jørn Øyrehagen Sunde og Stig Årdal.

Offisersgard

Bortsett frå ein og annan sersjant var det ikkje mange militære busette i Jølster i gammal tid. Unnataket er Bjørset, der det budde to offiserar frå 1687 til 1724.

Ove Christiansson (ca. 1653–1718) var gift to gongar: Første gong ca. 1685 med prestedottera Barbara Danielsdotter Bugge frå Ålhus (ca. 1664–1709) og andre gong 1711 med Torborg Kristoffersdotter Morgenstjerne frå Luster (ca. 1674–1724). Vi veit om ni born etter Ove, alle frå første ekteskapet, m.a. dottera Brite Maria, som tok over Bjørset etter foreldra.

Ove Christiansson er nemnd som fenrik i 1699 og 1701 og som sekondløytnant i 1703. Statsarkivar Yngve Nedrebø meiner Ove kunne vere uekte son til oberstløytnant Christian Nilsson Holberg, som i 1653 skal ha vore bøtelagd for eit uektefødd barn i Nordfjord. Ove voks opp på Bergenhus festning hos Christian Holberg, som var kommandant på festninga, og dei følgde kvarandre gjennom eit par tiår. Ove enda opp med å gifte seg med stedottera til Holberg sin svoger, Søren Munthe. Om det er korrekt at Ove var «uekte» son til obersten, var han også halvbror til forfattaren Ludvig Holberg (1684–1754).

Den andre av offiserane på Bjørset var løytnant Alvinus Bruse (død 1729), som vart gift med gardenkja Torborg på Bjørset. Dei fekk ingen born saman. Bruse vart premierløytnant ved Nordfjordske regiment av 1. Bergenhus nasjonale infanteriregiment i 1718, men gjekk av allereie i 1725. Han budde berre nokre få år på Bjørset; i 1724 døydde kona Torborg i Bergen, og Alvinus døydde der fem år etter.

Lensmannsgard

Bjørset var bustad for fleire lensmenn på 1600- og 1700-talet. Den første var Knut Bendiksson (ca. 1593–1665), som er nemnd som lensmann mellom 1639 og 1647. Han hadde teke over gardbruket på Bjørset etter faren Bendik Andersson (død 1633). Knut var gift med Åse Andersdotter (ca. 1593–1664), men vi veit ikkje om dei hadde born saman. Knut og Åse vart begge gravlagde under Ålhus kyrkje.

Dei neste lensmennene i Jølster var frå ulike stader i Jølster, men alle frå gardar om lag midt i bygda: Sakarias

Arnesson på Hus, Krispinus Tollefsson på Sandnes, Jens Nilsson på Nedrebø og Hans Krispinusson på Sandnes. Sistnemnde var far til den neste lensmann i Jølster, Tollef Hansson på Bjørset.

Lensmann Tollef Hansson

Tollef Hansson (ca. 1692–1780) vart lensmann etter faren Hans Sandnes i 1730. Han hadde då i fleire år vore lensmann for Svanebirket i Jølster – ein eigen rettsskipnad for gardane som høyrde til Svanegodset. Tollef gifta seg med løytnantsdottera Brita Marie frå Bjørset (ca. 1690–ca. 1748) i 1711, og saman fekk dei tre born. Sonen Ove (f. 1722) døydde truleg som smågut, men via døtrene Barbara (f. 1711, gift til Søgnesand) og Maren (f. 1724, gift til Veiteberg) er mange jølstringar etterkommarar etter Tollef Hansson. Han hadde vore i legemål med kona si før dei var gifte, og han hadde også ei dotter utanfor ekteskap med terna si, Dorte Andersdotter Øvrebø. Også denne «uekte» dottera fekk namnet Barbara (f. 1717), men lagnaden hennar kjenner vi ikkje.


Dei første 14 åra budde Tollef og kona Brita Marie i Årdalsbakken, men frå 1725 budde dei på Bjørset. Tollef hadde formelt sett stillinga som lensmann fram til han døydde 50 år seinare, men dei siste åra var det andre kona Elsa Åsmundsdotter (1717–1807) som fungerte som lensmann i hans stad.

Slarv om lensmannskona i 1761

Tollef og Elsa gifta seg sommaren 1749, og først 14 år seinare vart einaste barnet deira fødd, men sonen Tollef levde berre tre månader. Tollef junior var 52 år yngre enn halvsøstera Barbara. To av fadrane var slektingar frå Jølster (Hans Søgnesand og Jon Nilsson Myklebost), men dei tre andre var henta frå øvste hylle: Jølster-presten Johan C. Kraft, presteenkja Hanning på Ålhus og prestedottera jomfru Christine Hedevig Møllenphort frå Førde.

Kyrkjebøkene manglar tidvis alle opplysningane som ein skulle vente å finne der, og Tollef og Else må ha fått minst eitt barn til saman. Dette veit vi fordi lensmannen på hausttinget i 1761 stemna fleire personar for at dei hadde slarva om at Tollef ikkje var far til barnet som Else hadde

LENSMENN I JØLSTER 1607-1822 SLEKTLINER



26

fått. Ei av dei innstemna var Marte Knutsdotter Sunde. Marte møtte på tinget og vitna at ho ikkje hadde sagt noko ilt om lensmannskona, og at ho ikkje visste anna enn «alt ærlig og got» om henne. Fleire andre vart stemna som vitne, og alle som éin bad dei lensmannen om orsaking for at dei hadde høyrte på snakket og teke det vidare.

Året etter enda saka med forlik mellom lensmannen og Anders Grepstad, som var den som hadde prata mest. Forliket var skrive under av to mann og futen, og Tollef var nøgd.

«Lensmannen» Elsa Åsmundsdotter

Elsa Åsmundsdotter var fødd i Bergen i februar 1717. Foreldra hennar var Åsmund Henriksson og Brite Gunnarsdotter, men stort meir veit vi ikkje om oppveksten hennar eller korleis ho møtte Tollef Hansson. Vi veit heller ikkje om ho kom til Jølster før ho gifta seg. Etter den tids standard var Elsa godt vaksen då ho gifta seg, 32 år gammal. Ho og den 25 år eldre Tollef vart trulova i Ålhuskyrkja ei veke før vigselen.

Elsa må ha vore ei spesiell og føretaksam kvinne. I 1758 fekk ho gjestgjevarløyve på Skei, og ho hadde løyve der til minst 1777. Ho budde aldri sjølv på Skei, men let ein husmann drive gjestgjevarstaden og øltapperiet for seg.

I 1767 gav amtmannen løyve til Else Åsmundsdotter til å «vedblive lendsmanskabet saalænge hun det ved en duelig Person lader beoagte» – ho må altså allereie ha

vore fungerande lensmann ei tid. Same året hadde bygdesakføraren Sakarias Fossheim stemna lensmannen Tollef Bjørset til hausttinget for «adskillige Ord han skulde have ladet faldet mod ham.» På tinget var det lensmannskona Else som møtte og forsvarte mannen sin. Om Tollef hadde sagt noko gale om Sakarias, måtte det ha vore «i ørslen uden meening og Tanke til noget ondt», sa ho. Else betalte Sakarias sin kostnad med saka, og han fråfall då saka.

I *Soga um Jølst* nemner Albert Joleik ein søknad Else sende til amtmannen, som ho fekk svar på i eit brev av 6. juli 1776: «Der fattes ej Exemplar, at betydelige Embeder ere dels ved Expectance-Breve, dels med virkelige Bestallinger, alleru[nderdanig]st forundte til duelige Fruentimmer.» Både futen og dommarane rosa henne – «og endog min egen Erfarenhed, hver Gang jeg har været her paa Jølster, har overbeviset mig om, at faa Mandspersoner skall bedre kunne forstaae et Lehnsmansembede end Ansøgerinden det nu i mange Aar har gjort. Hende gjøres derfor herved ej ellene denne skrivtlige Anmodning at hun fremdeles vill, saa lunge hendes gl. og svage Mand lever, vedblive, at forestaae hans Embed; men hende forsikres endog herved, at, saa snart hand ved døden afgaaer, skall hende paa bem.[el]te Embede fuldkommen Bestalling meddeles».

Tollef var lensmann, i alle fall i namnet, til han døyde våren 1780, kring 88 år gammal.

Lensmann Jens Eriksson

Jens Eriksson Nedrebø (1748–1794) var søskenbarn til den tidlegare lensmannen Tollef Hansson Bjørset og oldebarn av lensmannen Jens Nilsson Nedrebø (1627–1704). Jens hadde blitt «Lehnsmand-karl» i 1769, og vi får då vite at han var 22 år gammal og 66 tomnar høg (165 cm). Etter som tida gjekk, vart lensmannen Tollef for sjuk og gammal til å møte på arveskifte o.l. Frå 1776 var det anten Jens Eriksson eller den andre lensmannsdrengen, Jon Nilsson Myklebost, som registrerte skifta. Jon Myklebost var inngifta i lensmannsslekta. Kona hans var Brite Mårsdotter f. Søgnesand, dotterdotter til Tollef Hansson Bjørset.

Jens Eriksson Nedrebø gifta seg med den 65 år gamle lensmannsenkja Elsa i 1782. Han var lensmann frå same år til han døydde våren 1794, 46 år gammal.

Sorenskrivargard

Som tidlegare nemnt var det stort sett i ytre strok futen og sorenskrivaren for Sunnfjord var busett, men i to år, 1796–98, budde sorenskrivaren på Bjørset. Han heitte Andreas Rogert (1754–1833) og vart gift i Jølster som-maren 1797 med den nær 20 år yngre Birgitte Brøn-lund Doth (1773–1751) frå Bergen.

Birgitte var brordotter til soknepresten i Jølster, Andreas Doth. Ho vart konfirmert i Jølster i 1790, og same året døydde faren hennar, Peder Doth, i Jølster. Ved folketeljinga i februar 1801 budde ho og ektemannen i hans fødeby Trondheim, der han var assessor (dommar) i Stifts-overretten, frå 1805 justitiarius same stad. Rogert var

også medlem av riksforsamlinga på Eidsvoll i 1814, der han hørde til sjølvstendepartiet. Sitt tydelegaste merke sette han som pådrivar då riksforsamlinga bestemte at kroninga av kongen skal skje i Trondheim.

Tilbake til vanleg bondegard

Lensmannsdrengen Ola Ellingsson frå Veiteberg (ca. 1756–1823), dotterson til Tollef Hansson Bjørset, vart mellombels lensmann i 1794, og i 1796 fekk han fast stilling. Etter at Ola busette seg på Hegrenes i 1796, og sorenskrivar Rogert flytta frå bygda i 1798, var det slutt på den spesielle stillinga Bjørset hadde hatt som lensmanns-, offisers- og sorenskrivargard. Den over 80 år gamle enkja Else Åsmundsdotter tok over som brukar igjen i to år, men i 1800 gav ho garden over til Anders Ludviksson frå Storetræ (1772–1850) mot å få kår hos han. Anders delte seinare garden mellom tre søner, og slik vart den nove-rande delinga i tre gardsbruk på Bjørset etablert.

Else Åsmundsdotter døydde på Bjørset i 1807, 90 år gammal. Ho hadde ingen born, og skiftet etter henne viser at ho heller ikkje hadde andre særleg nære slektningar. Ho etterlet seg netto verdiar for 1132 riksdalar; det var meir enn fem gongar meir enn snittet for skifte i Jølster i 1807. Ho let fattigkassen i Jølster få 60 riksdalar, to kvinner i Bergen fekk høvesvis 50 og 100 riksdalar, og born og barneborn etter første ektemannen Tollef Hansson Bjørset fekk mellom 10 og 30 riksdalar. Dei resterande pengane, over 800 riksdalar, vart gjevne til borna etter Nikolaia Eriksdotter Årset, søster til andre ektemannen Jens Eriksson Bjørset.

SPAR 

8-20 (9-18)

6843 Skei tlf. 57 72 81 22



JØLSTER BIL

6843 Skei i Jølster
Tlf. 57 72 68 90
www.jolsterbil.no

 **elfag**

Årdalsbakke Elektro AS

Lona, 6843 Skei i Jølster
www.aardalsbakke.no



elfag.no - Når du treng elektrisk

COOP VASSENDEN

Tlf 57 72 72 00

Opningstider:
Kvardagar 08:00 – 20:00
Laurdag 08:00 – 18:00

Til gagn og glede

Av Janne Karin Støylen

– Å gjere unge menneske til lesarar er noko av det beste vi kan gjere for dei. Dei som ikkje vil lese, forstår ikkje sitt eige beste. Det er difor vårt ansvar som vaksne, kloke menneske å gjere dei til lesarar. Det var Terje Torkildsen, to gongar vinnar av Uprisen, som sa dette i foredraget han heldt på Litteraturfestivalen på Lillehammer tidlegare i år. Han vil ta ansvar for å gjere unge menneske til lesarar, og han gjer det ved å skrive det han trur dei vil ha. To gongar har lesarane hans gjeve han sin eigen litteraturpris. Men skriv han gode bøker?

Terje Torkildsen debuterte med spenningsromanen *Marki Marco* i 2008. Den skreiv han saman med tiande klasse på Stavanger katedralskule det året. Han var ein hemmeleg forfattar, historia vaks fram i dialog mellom elevane og denne hemmelege rettleiaren. Motivasjonen var å skrive verdas beste ungdomsroman på nynorsk, ei utfordring han hadde fått frå ein frustrert norsklærar som sleit med å få elevane til å lese, og særleg tekstar på nynorsk.

Korleis skulle den boka vere? Torkildsen fortalde i foredraget på Lillehammer at han tenkte at ho måtte vere mykje som ein film, ein actionfilm i prosaform. Eit eventyr med happy ending, ein hovudperson lesarane vil kjenne seg igjen i. Det må vere ekte kjærleik, vanskeleg kjærleik, umogleg kjærleik. Men det må ikkje vere for alvorleg. Humor er viktig, sa han vidare. – Lesaren må le med jamne mellomrom. Og så må boka innehalde interessant informasjon.

Den britiske litteratursosiologen J.A. Appleyard identifiserer i boka *Becoming a reader* fasar i leseutviklinga ut frå ei rekkje intervju med unge lesarar i utvikling. Ut frå hans undersøkingar er det nokre kvalitetar ved den skjønnlitterære teksten som er særleg viktige for ungdomslesaren:

Ungdomslesaren ynskjer å kunne involvere og identifisere seg med karakterane i handlinga. Dei er sjølv tilskodarar til handlinga, men vil identifisere seg med deltakaren i forteljinga på ein slik måte at dei kan utforske sine eigne tankar og moglegheiter; det indre livet er det nye, plotet vert meir og meir underordna i forhold til opplevinga av korleis karakteren tenkjer og taklar hendingane.

Lesarane ynskjer seg litteratur som er realistisk, som liknar på røyndommen. Dei vil at karakterane i teksten skal oppleve noko som stemmer med deira eigne erfaringar. Ungdommane i Appleyard si undersøking ynskjer at bøkene skal gje dei «noko å tenkje på».

Dei ynskjer seg meining i teksten, men framleis i form av objektive og konkrete fakta. Meir kompliserte tolkingar og bevisstheit om at meininga er prega av kvar enkelt si tolking, blir viktigare i det neste utviklingsstadiet. Ungdomslesarane diskuterer tolkingar, men skil framleis mellom rett og feil tolking.

Internasjonale undersøkingar som PISA og PIRLS fortel oss at dei unge norske lesarane ikkje likar så godt å lese,

og at dei les lite på fritida. Nyare forskning på feltet syner nær samanheng mellom lesedugleik og fritidslesing. Det har ikkje så mykje å seie kor mykje ein les utanom skuletida fordi ein vil, men om ein gjer det eller ikkje. Det er større samanheng mellom å vere flink å lese og at ein les på fritida, enn til dømes mellom å vere flink å lese og sosiale faktorar som foreldra sitt utdanningsnivå. Mykje tyder også på at kognitive konsekvensar knytte til god læringsevne generelt korrelerer med motivasjon for lesing.

Korleis kan vi sørge for at dei som veks opp, ikkje berre lærer å lese, men blir glade i å lese? Kva fallgruver må vi unngå?

Terje Torkildsen sin poetikk har møtt mykje kritikk og motstand elles i det barnelitterære feltet. Språket spelar spekulativt på banning og sex, handlinga er rotete og har alt for mange lause trådar, bøkene «går ikkje opp». Slike responsar er det mange av. Men ikkje frå lesarane i målgruppa.

Fleire av dei nynorske ungdomsforfattarane har lukkast i å fengje lesarane. Lars Mæhle, Ingelin Røssland og Magnhild Bruheim er nokre. Sunniva Relling Berg og Gaute Sortland er to unge, nye stemmer å leggje merke til. Omsette seriar frå forfattarar som Lene Kaaberbøl og Robert Muchamore gjer stor lukke når lesarane berre blir klar over dei.

– Det blir skrive altfor mange gode ungdomsbøker for vaksne i dette landet, seier Lars Mæhle. Det er interessant å undersøke kva kriterium for kvalitet som pregar den vaksne lesinga mellom aktørane som har makt over kva bøker som når fram til ungdomslesarane, som innkjøpsnemnda i Norsk kulturråd, juryar for litterære prisar og litteraturkritikarar. Om ein samanliknar med meldingane ungdommane sjølv skriv under arbeidet med Uprisen, ser vi at det både er likt og ulikt. Somme tider er unge og vaksne einige om kva som er litterær kvalitet, somme tider ikkje. Så spørst det kven som har rett.

Eg trur det er viktig å ha innsikt i at lesaren berre kan møte teksten med si eiga lesarerfaring. Dermed kan det vi vande lesarar opplever som klisjéprega og uoriginalt, vere nytt og spennande for den som les ein roman for første gong. Teksten blir skapt i møte med lesaren og er ulik og unik frå lesar til lesar. Den eine opplevinga kan ikkje vere meir eller mindre verd enn den andre, eller? Utanom denne erkjenninga er eg sikker på at vi som arbeider i feltet mellom boka og barnet, må vere glade i å lese sjølv for å lukkast. Så kan vi rettleie lesaren vidare, mot meir avanserte tekstar som gjev større utfordringar, når lesaren er mogen for det. Motivasjonen for å gjere dei nye lesarane glade i å lese trur eg til slutt vert større om vi tek inn over oss at vi ved hjelp av skjønnlitteraturen ikkje berre hjelper borna med å lære, men òg med å finne ut kven dei vil vere. Å lese er ei trening i å leve. Ein god start? Kjøl bøker til jull!

Skaparkraft i regnbogebygda

Janne Karin Støylen

*Det er yr i lufta
der kjem fleire regnbogar
fleire og fleire i Jølster
mi regnbogebygd*

Ein dag i februar kom forfattaren Erna Osland på besøk til elevane på mellomtrinnet på Vassenden skule i Jølster. Dagen etter reiste ho til skulen i andre enden av Jølstravatnet, Skei skule. 126 elevar skreiv tekstar saman med forfattaren, alle var med. Boka Jølster – mi regnbogebygd vart lansert under kulturhelga seinare på våren, då alle elevane i kommunen var samla på Ålhus, tusenårsstaden i Jølster. Diktet ovanfor er ein av elevtekstane i boka.

Nynorsk skaparkraft

Satsinga «Nynorsk skaparkraft» har skuleåret 2012/2013 sett fokus på korleis det nynorske språket og den vakre bygda vi bur i, formar den lokale identiteten vår. Det er her vi høyrer til! Ved å knyte kunstnarane Nikolai Astrup og Ludvig Eikaas til nynorsk og skaparkraft har alle elevane i Jølster arbeidd kreativt, både gjennom ord og bilde. Gjennom prosjektet har vi ønskt å gje elevane kjennskap til si eiga bygd, stoltheit over sitt eige språk og glede over si eiga skaparkraft.

«Nynorsk skaparkraft» er finansiert gjennom Kulturskuleløftet med midlar frå Utdanningsdirektoratet. Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa har vore ein viktig samarbeidspart og støttespelar. Prosjektgruppa har

bestått av kulturskulerektor Anja Gulbrandsen (prosjektleiari), kommunalsjef Monica Farsund Nilsen, bibliotekar Grete Skaar Sunde, kulturkonsulent Silja Juklestad og Janne Karin Støylen på Nynorsksenteret. Lærarane i kommunen har gjennomført aktivitetar i alle klassane, for alle borna, gjennom heile skuleåret:

Jølster blir til: Eit elevteater for 1.–4. klasse basert på Jølster si kulturhistorie. Jølstravatnet – kulturdag: Alle elevane i 3. og 4. klasse har vore på ekskursjon til Svidalsneset og på besøk i skrivestova i Svidalen med høgtlesing og presentasjon av nye nynorske barnebøker. Jølster – mi regnbogebygd: Ein diktantologi med tekstar av dei 126 elevane i 5.–7. klasse. Nynorsk språkveke: Temaveke for elevar i ungdomsskulen med besøk av kunstnaren Oddvar Torsheim og formidlaren Jens Brekke. Nynorsk junioravis: Verdas første nyheitsavis på nynorsk. I redaksjonen sat elevar i ungdomsskulen. Formgjeving og trykking: Medielinja ved Mo og Jølster vidaregåande skule. Brekor: Elevane i niande klasse på begge skulane har vore på brevandring og framført songen «Eg kom over breen» oppe på Hauga-breen for opptak til Jølster sitt bidrag til Sogn og Fjordanes 250-årsjubileum og for NRK Vestlandsrevyen. Skaparkraft

Kommunalsjef Monica Farsund Nilsen deler ut boka «Jølster mi regnbogebygd» til spente elevar frå Vassenden skule.

Foto: Hallstein Dvergsdal





Jens Brekke hadde ikkje problem med å engasjere elevane då han besøkte Vassenden skule under språkveka deira i vinter.
Foto: Hallstein Dvergsdal

midt i fylket: Kulturhelg på Ålhus 7.–9. juni der alle elevane i grunnskulen var samla til premiere, bokslepp og utstillingsopningar. Helga vart avslutta med ein stor kulturskulekonsert i Borgja, med alle kulturskuleelevane som aktørar. Litterær salong: Ettermiddagskurs for lærarane i grunnskulen om nyare nynorsk barne- og ungdomslitteratur. Under tittelen «Litterær salong» samla vi lærarane trinnvis til ettermiddagskurs med presentasjon av nye bøker og erfaringsutveksling om formidling og leselest i Elidahuset i Svidalen.

«Nynorsk skaparkraft» syner korleis ei utvida kulturskulesatsing kan integrerast i grunnopplæringa på ein slik måte at tilbodet kjem alle elevane til gode. Satsinga har gått inn som ein del av den lokale læreplanen og den lokale kulturelle skulesekken (DKS). Satsinga går hand i hand med det lokale omdømmearbeidet der visjonen er formulert slik:

I verdas vakraste ramme skal vi få fram skaparkrafta i mennesket.

I artikkelen «Kan du komme til Jølster?» fortel forfatteren Erna Osland om korleis ho har arbeidd med kreativ skrivning i Jølster. Teksten står på trykk i Nasjonalt senter for nynorsk i opplæring sitt magasin «Klart eg les!», og saman med boka vert metoden no formidla vidare til andre skular i heile landet.

Bibliotek i barnehagen

I barnehageåret 2013/2014 vil Jølster kommune setje fokus på språkstimulering i barnehagen. Gjennom eit vidare samarbeid med Nynorsksenteret i Volda er Jølster utfordra til å vere pilotkommune i satsinga «Bibliotek i barnehagen». Kort fortalt vil vi utvikle ein arbeidsmåte som sikrar at barnehagane har eit rikt utval av nyare nynorsk barnelitteratur til utlån for foreldre ved henting og bringing og til dagleg bruk i barnehagen sitt arbeid med språkstimulering og leseglede. Det er biblioteka i Jølster som administrerer og gjennomfører ordninga. Personalet i barnehagen vil på same måten som lærarane i grunnskulen få tilbod om ettermiddagskurs med informasjon om ny litteratur og inspirasjon til å bruke han i møte med ungane i barnehagekvardagen.

Målet er at «Bibliotek i barnehagen» skal bli ein arbeidsmåte for nynorsk språkstimulering i barnehagen som alle nynorskkommunar skal kunne ta i bruk. Difor er LNK, Landssamanslutninga av nynorskkommunar, også ein viktig samarbeidspart i denne satsinga. Dessutan arbeider vi for å forankre arbeidsmåten i barnehagelærarutdanninga ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, og vi er i dialog om ein fagdag for barnehagetilsette i heile fylket der erfaringane frå arbeidet med nynorsk språkstimulering i barnehagen skal presenterast våren 2014.

I samarbeid med Sogn og Fjordane fylkesbibliotek

HISTORIER FRÅ JØLSTER

Ein handelsmann i austenden av bygda hadde fått seg nye briller. Ein dag kom ein av dei rappkjefta og slagferdige kundane på bua. Han såg at det var nye briller på nasen til handelsmannen, og gratulerte med nye «sjåglas». Då svara handelsmannen: «Ja, og i dei ser eg ein store 'toske'!» Svaret kom kontant: «Å, har du spegleglas i brillene dine?»

arrangerte Jølster bibliotek «Nynorske barnebokdagar» i september. Her var foreldre og andre vaksne målgruppe for formidling av ny litteratur og lese-lyst. Internasjonale undersøkingar som PISA og PIRLS viser at det er lesinga på fritida, lystlesinga, som er den viktigaste «suksessfaktoren» for å bli gode lesarar. Ein god kultur for lesing heime har dermed mykje – om ikkje alt – å seie for at vi skal lukkast i å sørge for at borna ikkje berre kan å lese, men at dei vil!

Nynorsk skaparkraft i eit større perspektiv

Jølster kommune er inne i ein omfattande prosess med å vedta ny kommuneplan for 2014–2026. Jølster har som mål å vere ein leiande kulturkommune i fylket i 2025. I Jølster er 30 % av borna elevar i kulturskulen.

Jølster kulturskule har gjennom satsinga «Nynorsk skaparkraft» vist korleis kulturskuletilbodet kan gjerast tilgjengeleg for alle borna i kommunen. Gjennom å gjere elevane trygge på sitt eige språk, engasjerte i bygda si historie og glade over si eiga skaparkraft legg vi grunnlaget for å nå dei langsiktige måla i kommunedelplanen – ikkje berre målsettingane i kapittelet om kultur, men òg måla for busetting, nye etableringar og gode oppvekstmiljø, alt saman illustrert i visjonen om å få fram skaparkrafta i mennesket.



Kristoffer Sandal var ein av mange som underheldt på kulturskulen sin konsert i Borgja på Ålhus. Foto: Hallstein Dvergsdal

Nikolai Astrup sin målarkunst var eit sentralt tema i skaparkraftprosjektet. Under kulturhelga på Ålhus kunne publikum sjå mange fantasifulle omarbeidingar av Astrup sine bilete. Foto: Hallstein Dvergsdal



Lukka er å eige ein gammal Saab

Hallstein Dvergsdal

To jølstringar har i år fått oppfylt bildraumen sin, og begge draumane handla om det svenske bilmerket Saab, som ikkje lenger blir produsert.

– Eg er oppvaksen med Saab, men Saab Sonett er noko heilt spesielt, seier Atle Hamar og fortel at far hans kjøpte sin første svenske i 1960 og heldt på same bilmerke til han døydde i 1985. Atle overtok den dåverande bilen til faren, og sidan har det handla om Saab.

Draumen var Amazon

For Einar Gautefall var det litt annleis. Han drøymde i

det gule vedunderet som står parkert på tunet. Litt småting er det nok, men det er stort sett bagatellar, og Einar angrar ikkje eit sekund på at han kjøpte bilen. Mannen som hadde han, var av ymse grunnar nøydd til å kvitte seg med han, og dermed var det råd å prute litt.

– Eg meiner eg gjorde ein god handel, og bilen er fantastisk artig å køyre, fortel Einar og vrir om tenningsnøkkelen. Han inviterer med på prøvetur, og det må absolutt seiast å vere litt spesielt å sitje i ein så pass smal bil, ein bil der farten fort merkast.

– Det går nok å køyre han i hundre, men åtti er eigentleg nok, avsluttar den lukkelege eigaren av ein gul Saab.



32

ungdommen om Volvo Amazon, og den skulle vere raud.

– Amazon hadde sjel, men det hadde også Saab 96, smiler Einar og blir fjern i blikket. Smaken på Saab fekk han i si tid som student på Notodden, men det vart med draumane og fantasiane heilt fram til i sommar. Då dukka det plutseleg opp ein avisannonse der ein kar i Bodø averterte ein 76-modell Saab 96 til sals.

Sommarbil

Det synt seg at mannen i Bodø opphavleg var frå Fjaler, og at han hadde hatt bilen stasjonert der dei siste 15 åra og brukt han i samband med feriering i heimbygda. Bilen er ein 1976-modell og har såleis ikkje så mange kilometer på teljaren som alderen tilseier.

– Bilen er nesten som ny, den, seier Einar og peikar på

Einar Gautefall drøymde ein gong om ein raud Volvo Amazon. Det enda med gul Saab frå 1976.

Femtiårgåve

Bilen til Atle Hamar har ei litt anna historie. Atle fylte 50 år i sommar, og som femtiåringar flest har han det meste og ønskte ikkje gåver til fødselsdagen. Det var kona som organiserte feiringa av dagen, og ho hadde ein plan, ein plan full av kvinnelist. I invitasjonen som ho sende ut til gjestene som skulle vere med og feire, stod det at jubilaranten ikkje ønskte gåver, men om dei ville, kunne dei vere med og spleise på ein heilt spesiell presang.

Presangen det handla om, var ein 1969-modell av sports-



bilen Saab Sonett, ein bil som vart produsert frå 1967 til 1974 i ca. 10 000 eksemplar, og som det i dag finst ti av i Noreg.

– Eg er altså den lukkelege eigaren av éin av desse ti bilane, og Åse Kleveland har éin, smiler Atle, som fortel at han måtte skøyte til litt, han også, før bilhandelen kunne realiserast.

Bilen er i svært god stand, men litt spøting blir det ifølgje eigaren, som fortel at eine viskarmotoren var kaputt, men no er skifta. Eit par deledetaljar i samband med viskarmotoren manglar framleis, men er råd å skaffe. Dessutan er det ein lakkskade på panseret som skal ordnast. Utover det er det ein bil i svært god teknisk stand som no er kommen til Jølster.

Liten og lekker

Bilen er liten og lett, har to sete som sportsbilar skal ha, og han har glasfiberkarosseri. Han er også smal, og er ifølgje eigaren som skapt for å trafikkere den smale vegen langs sørsida av Jølstravatnet.

Atle Hamar er mannen som hadde alt så nær som ein Saab Sonett. No er også den på plass.

Denne Sonetten er modell nummer to i ei rekkje på tre av sportsbileventyret til Saab, og var den som vart produsert i flest eksemplar.

Bilen til Hamar vart først seld til USA og gjekk der i mange år, før han for nokre år sidan vart importert til Noreg, nærare bestemt Haugesund, der han var til sals og hamna i Jølster i sommar.

– Dette er og har vore ein draum for ein Saab-entusiast, smiler Hamar og ser med kjærleg blick på sin nye, raude kjærast som kurrar og mæl som ein katt der han står og går på tomgang.

– Denne bilen blir garantert aldri seld, forsikrar Saab-entusiasten som sjølv sagt også har ein annan Saab, ei ti år gammal stasjonsvogn.

HISTORIER FRÅ JØLSTER

Skjerre sauer hugsar eg var vanleg å lokke med tørka storsild for nokre tiår tilbake. Men så var det no slik at denne silda måtte kjøpast, og var vel helst tenkt til folkemat. Så var det ein bonde som ikkje surra vekk pengane, og vart vel helst omtala som «gniten». Grannen var litt irritert på denne naboen og sa det slik: «Ja, han er so gniten at han lokkar sauene med same sildehovudet heile sommaren!»

Elias Eide, den gløymde Jølster-målaren

Av Hallstein Dvergsdal

Elias Anderson Eide vart fødd i 1900 og gifte seg i 1939 med Borghild Fossheim frå bnr. 4 på Fossheim. Der busette dei seg og vart verande resten av livet. På farssida slekta Elias frå Hordaland, der faren kom frå.

Elias og Borghild fekk tre born, og den yngste, Steinar, har vore kjelde og den som har hjelpt til med opplysningar om faren. Elias Eide er mannen som var vegarbeidar, smed og mekanikar, men som først og fremst bør bli hugsa for sine måleri og foto.

Frå Osterfjorden

Elias Eide var son av Anders Erikson Eide frå Osterfjorden i Hordaland og Talina frå Huus i Jølster. Han vart fødd på Tysse 13. mai 1900 og var eldst av sju søsken. Etter kort tid flytte foreldra over fjorden til Bjørsvik, der Elias vaks opp og budde til han var elleve år. Då døydde faren, Anders E. Eide, og mora hadde ikkje anna å gjere enn å flytte tilbake til Jølster og slå seg ned på Huus, der ho kom ifrå.

Om bord i den gamle fjordabåten stod enkja Talina med fem born – dei to andre døydde tidleg – og det var med sorg og tungt hjarte turen gjekk attende til Jølster via Bergen og Førde. Til Vassenden kom dei med hesteskys, det siste stykket til Huusstranda gjekk dei til fots. Husmannsplassen på Huusstranda vart Elias sin heim resten av barndomstida.

– Det vart fattigkassa, det, kva skulle ho elles leve av? seier barnebarnet Steinar Eide om lagnaden som råka bestemora og dei fem borna. Men dei kom seg gjennom livet, og Elias synte tidleg kunstnarlege evner. Allereie som tiåring laga han gode blyantteikningar, noko som sikkert var ein del av grunnen til at Nikolai Astrup fatta interesse for den unge kunstnarspiren, og dei to utvikla etter kvart eit svært nært forhold.

Etter at han gifte seg med Borghild Fossheim, fekk dei utskilt bruk nr. 7 «Bjørkelund» frå bruk nr. 4 på Fossheim, der Borghild kom frå.

Fekk tilbod om dottera til Astrup

Så nært vart forholdet til Astrup at han ville at Elias skulle gifte seg med eldste dottera hans, Kari. Men ifølgje sonen, Steinar Eide, tykte ikkje Elias at han passa heilt inn i den Astrupske huslyden.

– Han meinte han kunne ikkje gifte seg inn familien til ein mann av Astrup siitt format, sidan han for det første var liten av vekst, men også meinte at han ikkje ein gong rakk opp til knea på Astrup når det var snakk om kunstnarlege evner, fortel Steinar og kan ikkje anna enn humre litt av denne historia.

Men sjølv om det ikkje vart noko giftarmål, så var Elias og Nikolai Astrup gode vener og mykje i lag. Elias var ofte i Astruptunet for å lære av målaren, og det vart såleis mange turar i båt over vatnet til Sandalsstrand. Elias gjekk heller ikkje av vegen for å kritisere meisteren når han såg noko han ikkje var heilt nøgd med.

Astrup på si side omtala Elias Eide som det største talentet av elevane hans, og han oppfatta den unge mannen som ærleg når han fekk kritiske merknader.

Som mange andre målarspirer på den tida var også Elias Eide med på Astrup sin målarskule i Førde.

– Ikkje gjer meir med dette, det er kunst, sa Astrup oppglødd ein gong han såg ei kolstifteikning som Elias hadde laga på kurset, og som han sjølv meinte var uferdig. Elles kunne Nikolai Astrup og Elias Eide gå lange spaserturar i området mellom Sandalen og Myklebust, gjerne ei fin sommarnatt, turar der Astrup heile tida peika på motiv og figurar han såg i fjella langs Jølstravatnet. Så oppteken var han ofte med å forklare alt han såg rundt seg, at han gløymde å kveikje pipa som han alltid hadde i nærleiken.

I 1928 døydde Astrup, og Elias, som då var 28 år, hadde truleg fått mange og gode impulsar av den tjuve år eldre målaren, inspirasjon som gjorde til at heldt fram med målinga omtrent til han døydde i 1992.

– Målinga var det siste han gav slepp på, fortel Steinar, som har mange av måleria til faren, men gjerne skulle hatt fleire.

Over til fotografering

Elias Eide var ein uvanleg allsidig mann med evner både i praktiske og meir akademiske fag. Han var smed, snikkar, blekkslagar, mekanikar og rammemakar, men det var eit anna fag som skulle komme til å ta mykje av tida hans, og som etter kvart vart levebrødet, nemleg fotografering.

Han starta med dette i trettiåra, og fotograferinga og det å ramme inn bilete til folk vart eit slags levebrød. Men han var også den som reparerte ting til naboar og andre, og han var nok ein liten tusenkunstnar når det var snakk om tekniske fag.

Men ifølgje Steinar var Elias også ein stor lesehest som las alt frå tekniske fagbøker til kunst- og religionshistorie. Elias var også politisk interessert og hadde sine meiningar om mange ting. Men éin ting var han oppteken av og hadde som eit livsmotto, nemleg den bibelske gylna regel der det heiter at «alt de vil at andre skal gjere mot dykk, skal også de gjere mot dei.»

Bøkene lånte han på Bergen offentlege bibliotek, og dei



35



Fyglatunet på Skei var eit motiv Elias Eide måla i mange versjonar. Dette heng i Gloppen.

Rognebakken i Paulen. Måleriet heng i Trondheim.



Det var svært sjeldan at Elias Eide måla menneske. Dette er eitt av få unntak og syner ein mann på veg til kverna for å male korn.

kom til postkontoret på Skei i store kassar og med returporto vedlagt. Alltid låg det store stablar med bøker på nattbordet, året rundt. Men etter kvart var det også andre ting i kassane som kom til postkontoret. Elias var nemleg veldig oppteken av alt det nye som dukka opp av fotoutstyr, og det kom mykje dyrt utstyr til Fossheim på den måten, utstyr som var så dyrt at det vart berre med synet.

– Han hadde på ingen måte råd til å kjøpe dette som han bestilte på prøve, og det visste han, men han måtte likevel ha det i hus for å sjå på det og ta i det, fortel Steinar og skildrar faren som ein mann utan dei heilt store økonomiske talenta. Han tok seg aldri skikkeleg betalt for noko av det han dreiv med, og dermed vart det eit liv i sparemd for huslyden, men utan at Steinar kan hugse at dei leid noka naud.

Det han derimot hugsar mange av, er søndagar der tunet kunne vere fullt av folk som enten skulle ha passfoto eller hadde eit kvart som skulle reparerast. Han hugsar også motorsyklane til faren, sykklar som han brukte på turane sine rundt i Jølster, og som han stadig skrudde og fikla på. Motorsykkeltøringa dreiv han på med til han var rundt åtti år, og han hadde aldri bil.

– Han besøkte mor si i Huusslåttene kvar søndag så lenge ho levde, og han tok henne ofte med på motorsykkeltur, på ein sykkel av merket Java med motor på 500 kubikk.

Sidan Elias både fotograferte og dreiv med innram-

ming, vart motorsyklane flittig brukte på turar rundt i bygda for å fotografere, måle eller levere innramma arbeid til kundar. Eitt år var det lite arbeid å få, noko som fekk Elias til å setje seg på motorsykkelen. Han køyrde rundt heile bygda, banka på alle dører og lurte på om folk hadde bilete liggande som trong innramming. På den måten skaffa han seg arbeid, og vinteren var redda.

I samband med slike turar kunne det bli mykje venting og uro for dei som var heime, for det var slett ikkje alltid at Elias kom heim til avtala tid.

Ein gong vart det leiteaksjon, og dei fann mannen leiande på ein motorsykel med motorstopp, langt inne i Kjøsnesfjorden ei sein vinternatt.

– Då hugsar eg at vi var skikkeleg redde, seier Steinar, som også kan fortelje at siste motorsykkelturen enda med velt litt vest for Skei, med sjukehusopphald som følgje. Etter det var det slutt, og målaren og fotografen måtte finne seg andre transportmåtar når han skulle komme seg rundt.

Måla etter foto

Elias Eide brukte mykje av somrane til å gå rundt i fjella og dalane i Jølster for å fotografere. Han var svært oppteken av å dokumentere dagleglivet i bygda, og spesielt støslivet vart flittig fotografert. Etter ei tid gjekk han over til dias, noko som hjelpte han mykje i arbeidet med å måle. Han fotograferte motiva for så å prosjektere dei på



Elias Eide og Nikolai Astrup var gode vener, og Eide var ofte på besøk i Astruptunet. Tunet har han måla i fleire versjonar.

veggen heime, der han så måla etter fotografiet og såleis slapp å lage skisser. Lysbileta vart også brukte til fram-syningar rundt om i bygda, noko folk sette pris på, og der det av og til vart servert musikk til, musikk som vart trylla fram på ein sveivegrammofon som Steinar av og til hadde jobben med å sveive.

Det er såleis eit stort fotoarkiv etter Elias, og mykje av det er plassert på Sunnfjord Museum i Movika, og noko er i Steinar Eide si eige. Det meste er intakt, men noko er vekke, og Steinar saknar spesielt eit bilete av ei svart ku, eit bilete han likte svært godt, men som no truleg er vekke for godt.

Men den initiativrike mannen nógde seg ikkje med lys-bileteframsyningar, det måtte bli levande film, meinte han. Dermed gjekk han til innkjøp av ein 16 mm filmframvisar tidleg på femtitalet. Denne framvisaren var uhorveleg dyr og kosta, samanlikna med dagens kroneverdi, om lag tre årsinntekter. Korleis han klarte å finansiere dette, var og er ei gåte for sonen.

– Han måtte sjølvsgagt låne pengane, og ikkje skjønar eg korleis han fekk det til, det måtte vere den totale galskap, seier Steinar, som fortel at filmane vart leigde frå Statens Filmsentral, og så vart det arrangert kino rundt om i skulehusa der billettprisen var 75 øre for vaksne og 25 for born. Med slike prisar seier det seg sjølv at det vart vanskeleg å finansiere den dyre framvisaren. Det gjekk då heller ikkje, og Elias vart etter kvart nøydd til å kvitte seg med heile stasen, som hamna på Mo jordbruks-skule.

Stor måleriproduksjon

Ved sida av fotograferinga heldt Elias Eide fram med målinga, noko han gjorde så lenge han levde. Det vart etter kvart ein stor produksjon der motiva for det meste var

henta frå naturen i Jølster og frå Bjørsvik, der han var fødd og levde i barndommen. Ved sida av landskapsmotiv måla han også ein del interiør og stilleben, og det blei måla på både lerret og huntonitt. Han måla nesten aldri menneske, og grunnen tykkjast klar:

– Det fekk han ikkje til, seier Steinar, som likevel kan vise fram eit måleri der det er med ein mannsperson. Om fødetraktene i Bjørsvik fortel Steinar at dit reiste han tilbake nesten kvar sommar for å måla. Han sakna alltid sjøen og havet, og måtte ha desse turane til barndomstraktene for å fange opp motiv og lys han ikkje fann i Jølster.

Mange av måleria vart selde, men heilt sikkert alt for billeg, truleg ein konsekvens av litt manglande forretningssans.

Elias Eide var ein mann som det må vere rett å karakterisere som hjelpsam og rettferdig, og han hadde neppe fiendar. Han var også sterk motstandar av rus- og nyttings-middel, og han mislika sterkt konkurranseidrett. Likevel kunne han ta seg ein røyk medan han måla, og Steinar Eide fortel at faren ein gong køyrde han til Breimstafetten på Reed.

– Men han fotograferte aldri skeiserenn på Skrevatnet, ler sonen, som har mange minne etter faren, og som var assistenten hans under film- og lysbileteframsyningar og såleis kom nær inn på forretningsidear som kanskje ikkje alltid var like gode. Likevel greidde han å livberge seg, sjølv om inntektene kunne vere ustabile. Steinar har eit godt døme på korleis dette fungerte i praksis.

– Vi ungane visste kvar lomdeboka låg, og av og til lurte vi oss til å sjå i henne. Såg vi ein stor, raud hundrekroning, så visste vi at vi ville ha det bra nokre månader til, fortel Steinar, og dermed har han med ei

71 grader nord-eventyret

Av Maria Sunde

Eg hadde lenge tenkt at «71 grader nord» var eitt av dei realityprogramma som faktisk var ekte, og som verka både spennande og utfordrande å vere med på. Det var likevel ein lang veg å gå frå eg sende inn ein søknad til eg enda opp som deltakar i 71 grader nord 2012. Blant eit par tusen søkjarar blei nærmare tusen av oss tekne ut til intervju. Etter det første intervjuet hadde eg eigentleg ikkje ei spesielt god kjensle, og sjølv om eg visste at eg hadde vore både ærleg og gitt av meg sjølv (noko som stadig blei poengtert var VELDIG viktig), var eg temmeleg sikker på at dette var slutten på draumen for denne gong. Heldigvis for meg tok eg feil; dei ville ha meg med vidare, og etter ei stund med venting fekk eg telefon om at eg kunne pakke sekken – eg var ein av dei 40 som skulle på casting på Lindesnes – gjeitt om det kribla i magen!

På Lindesnes blei eg møtt av 39 andre håpefulle, energiske og engasjerte menneske som alle delte håpet om å bli ein av dei 14 heldige som om nokre dagar skulle forlate campen nysgjerrige, stolte og forventningsfulle. Prøvene på Lindesnes var ikkje enkle: Det var alt frå tunge løp og kartlesing til mentale utfordringar i luft og vatn. Første natta

var det mykje testing, lite søvn og så tidleg opp att neste dag, klare til ny økt. Dette er sjølv sagt ikkje noko som kan bli kvardagskost, men på ein slik casting var dette utruleg spennande, og der låg ei spenning gjennom dagane; kvart minutt, kvart sekund. Om eg skal samanlikne castingdagane med noko, må det bli ein slags leir (streng leir...) full av herlege og livlege menneske, der målet er å teste oss fysisk og psykisk, men også å få oss litt ut av kvardagsstresset – bort med mobil, data og TV, tilbake til naturen. Det er kanskje vanskeleg å førestille seg for alle andre, men trass i konkurransen og det endelege målet med ein slik prosess blir ein som ein stor familie på tur – på godt og vondt.

I bildekonkurransen var eg, overraskande nok, veldig nære ved å ta den aller første fribilletten til det store eventyret. Men nummer to var éin plass for langt ned på

I fri flyt over Jølster.



resultatlista, og konkurransen fortsette for meg. Der og då betydde dette at sjansane for faktisk å få bli med på turen minka, men i etterkant er eg glad for at eg fekk delta på stort sett alt av konkurransar og utfordringar på Lindesnes. Når eg fekk den siste billetten til turen, var det verdt alt strevet. Det største målet var allereie nådd.

Noko eg var heilt klar på på førehand, var at om eg nokon gong fekk moglegheita til å vere med på eit slikt eventyr, måtte eg vere innstilt på det meste og på at det kom til å bli hardare enn eg i det heile teke kunne førestille meg. I ettertid er eg veldig glad for at eg hadde denne innstillinga. Eg trur det gjorde til at det vart lettare for meg å sjå på oppgåvene vi fekk, som ei utfordring i staden for eit hinder. Det gjorde det generelt lettare å sjå moglegheiter kontra å sjå det håplause i gitte oppgåver. Det er klart at dagsforma kunne gå litt opp og ned, men spesielt med tanke på turane vi var på, trur eg at ei slik innstilling gjorde meg tilpassingsdyktig nok til å gjennomføre alle slags oppdrag. Sjølv sagt spelar den fysiske forma òg ei stor rolle, men eg trur, iallfall for min del, at det psykiske og mentale hadde like mykje å seie.

Det er lett å forstå at ein slik tur på langs av Noreg krev store fysiske krefter, men det mentale er som nemnt òg viktig for kva rolle ein får i gruppa, kven ein trivst best saman med, kven som ryk ut, korleis neste konkurranse er osv. Første gongen eg for alvor merka at dette faktisk var eit spel, og ikkje berre ein hyggeleg familietur slik eg så gjerne ville tru, var etter at mitt lag hadde tapt første oppdraget, sledeturen. Det andre laget hadde vunne eit herremåltid og slo opp teltet sitt ved stua der maten skulle nyttast. Vårt telt blei slått opp lenger nede på eit jorde, og kommunikasjonen med deltakarane på det andre laget var broten fram mot neste konkurranse. Dette var ei merkeleg kjensle for naive, vesle meg, som er så oppteken av at alle skal vere vener, og at ein alltid skal vere ærlege med kvarandre. Så sjølv om eg godt visste at det var ein konkurranse frå ende til annan, var det ikkje der eg ønskte å ha fokuset. Jølstringar som kjenner meg frå gammalt av, synest kanskje dette høyrer rart ut for «Maria med det store konkurranseinstinktet», og eg skal ikkje legge skjul på at eg, som alle andre, sjølv sagt gjerne ville vinne, men ein blir kjend med seg sjølv på ein annan måte når ein er med på eit slikt løp, og det er først når ein er i gang ein merkar kva som verkeleg betyr noko (sjølv om det kanskje høyrer ut som ein klisjé). Det som var viktig for meg, var å få høve til å oppleve turen, og eg står den dag i dag fast ved at det var sjølve opplevinga og ikkje premien eller sigeren som gjorde til at eg ønskte å fortsetje mot Nordkapp.

Når ein gjeng ytringsglade menneske bur så tett på kvarandre over tid, er det klart at det oppstår diskusjonar og usemje, og med det kan eg innrømme at både eg og nokre av dei andre deltakarane hadde ein og annan tur som kanskje var litt ekstra tung. Dette kunne vere på grunn av ein bagatell som blei blåst litt opp, eller rett og slett berre på grunn av ei unødvendig misforståing. Likevel var det ikkje dette som prega turen, og det er heller ikkje dette eg sit igjen med etter opplevinga. Eg er stolt over at eg i dag kan seie at eg er glad i kvar og ein av dei

andre deltakarane – sånn endar det kanskje ikkje etter alle realityprogram? Eg kan sjølv sagt ikkje snakke for andre program eller andre deltakarar, men eg er utruleg takksam for den reisa eg fekk vere ein del av. Etter turen sit eg att med mange minne for resten av livet, og eg håpar eg kan skape fleire liknande minne med 71-gjengen.

Sjølv kallar eg meg for tida ein M-kjendis, og når det har gått eit par år til, er eg kanskje nede på bokstaven Z. Hadde det å bli kjendis vore målet mitt med turen, trur eg at eg ville spelt korta mine ganske annleis. Men igjen, då ville eg kanskje ikkje vore meg sjølv, og dette kunne blitt eit problem. Eg er nøgd med rolla eg valde i konkurransen, og profilen eg viste gjennom TV-skjermen. Det at lokalbefolkninga og gamle kjenningar seier at dei er stolte av meg, eller at nyare bekjentskapar har heia på meg og skrytt av meg, betyr veldig mykje. Det er alltid eit par småjusteringar og småsaker som ein tenker at ein kanskje kunne gjort annleis om ein hadde fått ein ny sjanse, men dei tankane må ein berre gløyme og heller vere takksam for dei opplevingane og den tida ein fekk.

Trass i at «kjendistilværet» ikkje har vore noko mål, er det jo litt småartig å bli gjenkjend på gata eller i klasserommet. Enkelte gongar veit ikkje folk kvar dei har sett meg, men påstår at eg har vore på TV (eller at dei kjenner meg – det har òg hendt ved eit par høve). Eitt av spørsmåla eg og andre ofte får, er: Ville du ha delteke ein gong til om du fekk sjansen? Eg veit at der er svaret veldig forskjellig alt etter kva deltakar som blir spurd, men mitt svar er eit klart JA. Å få ei slik oppleving éin gong har vore heilt fantastisk, men å kunne få oppleve noko slikt to gongar må vere endå betre.

Framhald frå side 37

Elias Eide, den gløymde Jølster-målaren

setning fortalt korleis det kunne vere å vekse opp i Jølster rett etter krigen.

Håpar på utstilling

Steinar Eide har lenge sysla med planar om å få faren meir fram i lyset i form av ei utstilling av måleria hans. Sogn og Fjordane kunstmuseum har vore kontakta, utan at responsen der i garden har vore direkte overveldande.

Steinar Eide hadde helst sett at utstillinga vart halden ein stad i Jølster, og han reknar med at han skal få planane sine realiserte i 2014. Sjølv har han mange måleri, og fleire er råd å låne inn, så materiale til utstillinga er ikkje noko problem.

Elias Eide er på mange måtar den gløymde Jølster-kunstnaren, og det kan såleis vere på sin plass med ei utstilling. Ikkje berre av måleria, men også av fotografa hans, som held høg teknisk kvalitet.

– Folk har lenge etterlyst ei utstilling, og no trur eg at dei får ønsket sitt oppfylt. Far var dessverre lite påakta som kunstnar medan han levde, og eg trur faktisk at Nikolai Astrup var den einaste som sette skikkeleg pris på han, avsluttar Steinar Eide, som ser fram til å få den gløymde kunstnaren fram att i lyset.

Frå Jølster til Grafton

Av Stig Årdal

På leit etter land

1878. Red River i Nord-Dakota. Dalen var våt, og store landområde låg under vatn. To brør, ei gammal vogn med det dei hadde av utstyr og proviant, to par unge hestar og nokre storfe. Mennene på veg nordover gjorde sitt beste for å motstå dei stikkande og blodsugande insekta som trivst så godt under slike forhold. Turen gjekk seint. Oksane var slitne, og når dei endeleg kom over eit område med gras som ikkje låg under vatn, nekta dei plent å gå vidare. Brørne var 24 år gamle Ole og 26 år gamle Samuel frå Søgnhildtunet i Årdalen. I byrjinga av mai dette året hadde dei teke ut frå Lake Johanna i Minnesota der dei hadde budd hjå bror sin, Johannes, som 14 år tidlegare hadde reist frå Jølster for å satse på ei ny framtid i det lova landet. Etterkvart skulle han busetje seg og arbeide seg opp ein stor farm i Lake Johanna. No var brørne komne til området mellom Buffalo River og Moorhead. På den andre sida av Red River, grenselva mellom Minnesota og Dakota-territoret, låg byen Fargo. Neste mål var Grand Forks, vel ti mil lenger nord. Dei første kvite som slo seg ned her, var pelsjegerar og handelsmenn som etablerte små handelsstadar mot nord og mot vest. Etterkvart skulle mange av desse utvikle seg til tettstadar og småbyar som i dag tel fleire titusen innbuarar. Den store innvandringa på denne tida gjorde at det spratt opp mange slike småbyar langs Red River-elva.

I slutten av 1870-åra er vi i framleis i ytterkanten av sivilisasjonen. Vassande i vatn det meste av vegen blei turen anstrengande for brørne. Då dei endeleg kom til Grand Forks, selde brørne to av dei unge hestane og det meste av kveget dei hadde med seg. Herifrå slo også eit par tidlegare svenske naboar frå tida i Lake Johanna seg med brørne. Kveget som ikkje vart selt, plasserte dei i ein annan buskap på staden med tanke på å hente dei att seinare. Etter proviantering tok dei seg vidare nordover i ei leigd, tosetes, vogn. Dei følgde hovudruta, for elles var det vanskeleg å komme over alle elvane og bekkane som kryssa det vidstrekke landskapet. Frå Bing Salt (Forest River), ca. 4,5 mil nordvest for Grand Forks, tok dei av mot nordaust til Little Salt, der Oakwood ligg i dag, vel 370 kilometer nordvest for Lake Johanna som dei tok ut frå omlag ein månad tidlegare.

Prærie

Til liks med svært mange nordmenn var prærielandskapet det siste dei ønskte å slå seg ned på. For vestlands- og innlandsbønder, vande som dei var med høge fjell og djupe dalar rundt seg på alle kantar, blei det ofte vanskeleg å bli fortruleg med dei endelausa viddene, utan faste punkt å kvile auga på. Berre bekkar, småvatn og elvar med trevokster på breiddene, og enkelte åsar og buktingar i terrenget, braut dei endelausa og statiske linjene i synsrande. I tillegg gjorde nok erfaringane frå turen Ole og Samuel skeptisk. «Vi

såg det ikkje som klokt å slå seg ned på desse endelausa præriane. Vi var redde for at dei ville halde fram med å vere ufruktbare i lang tid.» Prærie og vatn var det alle stadar. Men det var først og fremst område med skog brørne såg etter.

Frå elva, som må ha vore Park River, ei sideelv til Red River, tok dei seg rett vestover. Området bar preg av å vere i sivilisasjonen sin ytterkant. Her og der einskilde koier, ferdigbygde eller nett påbegynte. Då dei passerte den siste av dei, visste dei at dei kunne sjå seg om etter land for å ta til på sitt nye liv. Det hadde vore ein strevsam tur, og dei hadde reist langt. Svenskane som dei reiste saman med, meinte at jorda var for ussel, og la i veg vidare. Men sjølv om stemninga var laber, bestemte brørne seg for å bli. Trøytt og slitne som dei var, var dei ikkje i form til å dra vidare. Men då svenskane drog, heldt dei heilt på å misse motet.

Kalenderen viste slutten av mai, og brørne reiste tilbake til Grand Forks og samla med seg det etterlatne kveget, fekk med seg oksane og vogna og la ut på tilbaketuren til det som skulle bli den framtidige heimen deira, på elvebreidda til Park River, nokre kilometer rett vest for Grafton. Sjølv om det var eit prærielandskap dei slo seg ned på, var den buktande elvebreidda gjerne kransa av skog på tre sider, medan den fjerde opna seg mot prærielandskapet. Desse elvebuktingane gav tilgang til materiale for husbygging og brensel. Skogen gav også ly og vern mot dei harde vindane som kunne rase over grasslettene.

Førebuing

Ole og Samuel reiste til Amerika i 1875 og arbeidde i dei første åra på farmen til den eldre bror sin, Johannes. Men i 1877, året før dei endeleg braut opp på leit etter nytt land, tok Samuel og nokre danskar seg nordvestover frå Lake Johanna med oksar, vogn og nokre storfe. Turen enda i Fisher's Landing, i dag byen Fisher, som ligg på Minnesota-sida av Red River. På nordsida av Red Lake River, ei sideelv til Red River, fekk han kjøpt seg eit stykke med skog. Slik fekk han lagt seg opp litt pengar på å hogge ved til dampbåtane som gjekk på dei mange elvane i området. Vi må tru at han også må ha forhøyr seg med båtmannskap og andre om forholda lenger nord. Berre ein knapp månad etter tilbakekomsten til Lake Johanna tok han saman med bror sin ut att mot den framtidige heimen deira i Grafton.

Samstundes dreiv Ole med ymse farmarbeid, både hjå bror sin og andre. Ut på hausten flytte han til New London, knappe tre mil søraust for Lake Johanna, der han også dreiv med postfrakt. I tillegg til læretida hjå Johannes fekk nok Ole også her høve til å setje seg inn i amerikanske tilhøve og å ta i bruk nye maskiner og dyrkingsmetodar som han ikkje var kjend med frå heimbygda. Gjennom kurs over tre månadar vintrane 77 og 78 såg han seg også tid til å lære seg engelsk. Lærdommen om gardsdrift, Amerika og samfunnet



Bryllaupsbilete av Ole og Johanna.

rundt dei som desse erfaringane gav, må ha vore svært viktige føresetnader for korleis dei var i stand til å møte nybyggjarlivet som stod føre dei.

Ole og Samuel si amerikareise

Vi veit at Ole og Samuel reiste frå Bergen den tredje mai i 1875. Vi veit òg at billetten var tinga med ein båt frå Allan Line. Elleve år etter at bror deira reiste ut, var turen over havet både blitt tryggare og kortare. Vel seks veker brukte Johannes over havet. Med vind og havstraumar som drivkraft må det reknast som relativt kjapt. Men no var seglskutetida på hell, og dampbåtane blei meir og meir einerådande på havet. I Noreg kom denne omlegginga seint. Men då ho først kom, kom ho kjapt. Så seint som i 1866 var 90 prosent av alle emigrantskip frå Noreg seglskuter, men berre fem år seinare valde så mange som 67 prosent av dei norske utvandrarane å ta seg over til Amerika med dampskip. Ytterlegare fire år seinare, same året som Samuel og Ole forlét gamlelandet, var det ikkje eitt einaste emigrantskip med segl som reiste frå norske hamner. Det siste utvandrarskipet som forlét Bergen med segl, var «Valkyrien», som segla ut i april 1873, ni år etter at Johannes forlét same hamna med skipet «To Venner».

Når vi får opplyst at brørne reiste med Allan Line, så betyr det at dei hadde fått billett med eitt av Allan Line sine skip som gjekk frå England til Amerika. Dei måtte difor først ta seg over til England, mest truleg med ein båt frå Wilson Line som då nødvendigvis gjekk til Hull, på vestkysten av England.

Vi skal ikkje overdrive komforten på dei tidlegaste dampskipa. Overfarten kunne nok framleis vere ganske krevjande, i alle fall for dei som reiste på "steerage", som var området mellom dekk på skipet. Med andre ord den standarden som dei fleste utvandrarane måtte finne seg i å ta seg over havet på. Men for passasjerane var det sjølv sagt eit stort pluss at tida over havet blei betydeleg kortare enn med segl. Ikkje minst blei faren for smittsame sjukdommar redusert. For i seglskutetida kunne statistikken over dødsfall under overfarten vere stygg, noko som oftast gjekk ut-

over barn og eldre, som var dei som stod seg dårlegast mot sjukdommar. Som under overfarten til Johannes i 1864, der tre små barn aldri opplevde å komme fram til målet for turen, Quebec. Kortare overfartstid og fleire passasjerar gjorde nødvendigvis også trafikken meir lønsam, noko som i neste omgang inviterte til større konkurranse. Større komfort blei dermed eit konkurransefortrinn som etter kvart dreiv fram betre forhold for dei reisande.

Vel framme i Hull måtte passasjerane gjennom ei enkel legeundersøking før dei kunne reise vidare. Om alt var i orden, kunne dei gå dei femten minuttane til Paragon Station, der det i 1871 kom opp eit venterom der reisefølgja kunne få seg litt mat, kvile, og gjerne ein vask.

Det var ikkje nødvendig å overnatte i Hull før ein tok til på neste etappe, som var med tog til Liverpool, ein tur på seks til åtte timar. Men på sete av tre i ei overfylt vogn kunne nok dette fort bli krevjande timar. Først når dei kom til Liverpool, måtte dei sjå til å skaffe seg overnatting. Var dei heldige, gjekk båten dagen etter. Men oftast måtte folk belage seg på å vente i fleire dagar før båten gjekk ut. Hadde dei skikkeleg med uflaks, var det selt billettar til fleire enn det var plass til. I så fall måtte dei pent vente til det dukka opp ein ny sjanse. Eller i verste fall hive seg med ein båt som tok seg til ei anna hamn enn det som var planlagt. Ofte var losjihusa av dårlegaste standard. Overfylte, tronge og skitne, der lus og andre plager fann seg godt til rette. Faren for sjukdom blei ikkje mindre om dei måtte halde til på slike overnattingsplassar i fleire døgn før dei kom seg vidare.

Reisekostnad som for ein «fedet ox»

Johannes skriv at han måtte ut med 13 spesidalar for turen med «To Venner». I seglskutetida var dette for eigen kost. I tillegg måtte han ut med ni spesidalar for turen med jarnbane og dampskip mellom Quebec og Milwaukee. Det var, ifølgje samtidige statistikkar, ein snittpris, og ein pris som så nokolunde svarte til det ein mannleg sunnfjordsk tenar kunne forvente i løn i løpet av eit år. I febygda Jølster kunne ein «fedet ox» i første delen av 1860-talet bli avhenda til ein pris av 12 til 16 spesidalar, omlag det same som for ein hest. Samuel og Ole måtte ut med omlag det doble, i første delen av 1870-talet kosta ferda over havet rundt 30 spesidalar. Bortsett frå avreisedatoen frå Bergen har vi ingen opplysningar om amerikaferda til Ole og Samuel. Men då dei for ut, var det framleis vanleg å ta seg over havet til Quebec. Ein plakat frå 1870 viser at turen frå Christiania til Quebec, med Allan Line, kjem på 33 spesidalar og 9 skilling. Men då høyrde også kost og sengeklede med. I 1875 blei spesidalaren bytt ut med norske kroner i forholdet fire kroner per spesidalar. Ferda over havet må altså ha komme på vel 130 kroner. Etter samtida sitt prisnivå var det såleis ei kosesam sak å ta seg over havet til det lova landet. Men turen var på langt nær over med det. Første etappe etter Quebec må dei, til liks med Johannes elleve år tidlegare, ha gjort unna med tog. Deretter bar det med dampbåt over dei store sjøane, til Milwaukee. Herifrå var det nok enklare å ta seg innover i landet enn for Johannes sin del, for no kunne dei krysse staten Wisconsin og det meste av Minnesota med tog. Toglinjene passerte eit stykke nord for Lake Johanna, der bror deira hadde slått seg ned. Dei totale



Bryllaupsbilete av Samuel og Nikoline.

reisekostnadane må difor ha vore ein del høgre enn berre for billetten over Atlanterhavet.

Grøderik jord, våte vidder og bråe vêrskifte

For omlag 10 000 år sidan, under siste istida, låg det ein svær innsjø som også dekte området der Red River-dalen i dag ligg. Med norske auge er det nok å ta sterkt i å kalle det for ein dal, landskapet har nok meir preg av svakt hallande sletteland. Frå omkring 8400 år sidan blei sjøen gjennom ein periode på kanskje 1000 år gradvis tømd. I dag ser vi restane av innsjøen i Lake Winnipeg, Lake Manitoba og Lake of the Woods i Canada. Det er avsetningane frå denne innsjøen som i dag utgjer den svært fruktbare jorda i elvedalen til Red River. Etter ein fuktig overgang mellom vår og sommar kjem det oftast ein varm og drivande sommar, noko som gjev ei saftig og grøderik jord. I botnen av den tidlegare innsjøen er det ingen steinar, og bortsett frå elvebreiddene vekst det heller ikkje skog der. Plogen kunne med andre ord settast i jorda utan motstand frå verken stein eller røter. Samuel og Ole opplevde å komme til ein av dei mest fruktbare stadane i Amerika, og under dei store innvandringsbølgjene i 1870- og 1880-åra blei området forvandla til eit konglomerat av kveiteåkrar. Red River-dalen skulle etter kvart bli kjend som verdas kveitekammer.

På sitt mest innbydande må den fruktbare jorda i Red



Bryllaupsbilete av Gunder og Nikoline.

River-dalen, sjølv om det monotone og flate landskapet for mange var vanskeleg å takle, for den jamne vestlandsbonde ha vore noko i nærleiken av ein utopi. Sett i høve til dei brattlendte vestlandsbygdene, der stein måtte ryddast bort og røter rivast opp, kosta det her lite å pløye opp ein åker. I utgangspunktet måtte ein nybyggjar i det lova landet rekne med fem-seks år med hardt arbeid før det kunne drivast fram noko for sal. I Red River-dalen tok det betydeleg kortare tid å dyrke fram ei overskotsavling. Likevel kunne naturen vere lunefull. Vel var dei norske bøndene fostra opp med ulike årstider og skiftande vêrtilhøve, men mange av dei opplevde nok etterkvart at prærieklimaet kunne vere brutalt. Om vinteren kunne kuldegradene krype langt nedover, og nettopp ein type vinterstormar, såkalla blizzards, skulle nybyggjarane fort lære seg å ha den største respekt for. Desse kunne dukke opp meir eller mindre utan varsel, med store mengder snø og ekstrem vindstyrke. Då var det om å gjere å halde seg inne; det kunne fort stå om liv og helse om ein hadde lang veg til tak over hovudet. Så dramatisk kunne situasjonen bli at enkelte la ut band mellom husa slik at dei hadde noko å halde i og vise veg om stormen kom over dei før dei kom i hus. Spesielt var vinteren 1880–81 hard, der mange opplevde mangel på både mat og brensel.

Av og til blei den kalde årstida avløyyst av somrar med brennande sol og lange tørkeperiodar. Her skulle settlarane lære seg å kjenne frykta for præriebrannar. I området der Brite, søster til Ole og Samuel, slo seg ned saman med mannen sin, Tollef Erikstad, høyrer vi om at dei pløgde opp branngater rundt hus og bygningar som vern mot elden. Saman med sine seks born og ein del andre jølstringar slo dei seg i 1883 ned i Starkweather, Ramsey County, vel ti norske mil rett vest for Grafton.

Men som vi har sett, kunne vêret også vere ganske vått,

og spesielt om våren kunne elvane bli store. Sjølv om Red River er 877 km lang der ho renn nordover til Canada og endar i Lake Winnipeg, har ho eit fall på berre 70 meter. Elva flyt difor seint, og store mengder oppbroten is kan hope seg opp slik at ho fløymer over sine breidder.

Byrjing

Det var berre seg sjølv å stole på. Evner, kunnskap og ikkje minst, vilje, avgjorde kor vidt ein greidde seg eller ikkje. Det første som måtte ordnast før plogen kunne settast i jorda, var tak over hovudet. Tømmeret fann dei langs elvbreidene, og arbeidet med å få opp den første enkle tømmerhytta kom fort i gang. Før denne kom på plass, måtte dei ordne seg endå meir spartansk. Her var det snakk om å ta i bruk det dei hadde med seg og nytte alt tilgjengeleg utstyr. Dermed blei vogna demontert og vognkassa snudd opp ned og montert på fire stolpar. Deretter blei ho trekt med segl-duken frå vogna. Inne blei det plassert ein omn og ei seng. Dette fekk klare seg til dei fekk opp noko litt betre; det var trass alt ikkje innomhus dei hadde planar om å opphalde seg. Arbeidet venta. Enno viste kalenderen tidleg sommar, så dyra dei hadde med seg, hadde enno god tid på seg til å beite ute på grasslettene.

Jorda dei slo seg ned på var ikkje oppmålt; først eit par år seinare blei ho registrert som delar av seksjonane 15, 16, 9 og 10 i Grafton Township.

Snart skulle dei få selskap av ein tidlegare nabo frå heimbygda, Gunder Erikstad, som kom frå Mårtunet i Årdalen, og som reiste frå Jølster same året som Ole og Samuel slo seg ned på sin nye heimstad. Det vanlege var å reise om våren, i april og mai, så han må ha reist ut omlag på same tid som brørne frå Søgnhildtunet slo seg ned i Grafton. Men det var først i 1879 han kom fram til sine tidlegare naboar frå heimbygda og framtidige naboar i det nye landet. Der tok han i hevd jord som grensa opp mot den som søgnhildbrørne hadde lagt beslag på.

Det skulle byggjast, pløyast, såast og haustast. Ti mål blei rekna som ein god dags plogarbeid, og utstyret blei skifta ut og oppdatert etter behov og lommebok. Frå oksedrivne plogar, der køyrekarer gjekk etter, til plogar monterte på hjul og med sete. I 1890-åra kom den første doble plogen, ein plog som blei driven av fem hestar, to føre og tre bak. Ein reiskap som kravde både erfaring og dyktigheit for å kunne handterast. Til innhaustinga tok ein fort i bruk «sjølvrakande meiemaskiner», med river som sopte over kornet etter at det var kutta og lét etter seg dungar med halm. I neste omgang blei desse bundne med halmband av arbeidarane på farmen. Etter kvart kom kornhaustaren på plass, der to menn sat og batt buntane med halmband. Seint i 80-åra kom sjølvbindaren. På dei tidlegaste treskemaskinene var det ingen sjølvmatarar eller blåsemaskiner for halmen. Hestar blei spente fast til lange armar som var festa til utstyret, og måtte finne seg i å gå rundt og rundt heile dagen for å halde maskineriet i gang. Men snart skulle hestekreftene bli bytte ut med mobile dampmaskiner som blei monterte på hjul og flytta frå den eine staden til den andre med hestar. I neste omgang blei desse igjen bytte ut med traktorar. Litt lenger fram forsvann alle hestane på farmane til fordel for traktorar.

Det var nødvendig å samarbeide for å få arbeidet unna. Spesielt når reiskapane var dyre å få tak i, som til dømes treskerigg, som dei kalla det. Verken Samuel, Ole eller Gunder eigde nokon gong noko slikt. Men her hadde enkelte av settlarane tydelegvis spesialisert seg på enkeltoppgåver, skaffa seg utstyr til å kunne utføre slikt arbeid, og reiste rundt og leigde bort sine tenester til andre. Men utviklinga gjekk fort. Når andre generasjon tok over, eigde dei fleste ei treskemaskin sjølv. Men då var dei og blitt mindre og meir handterlege.

Nikolina Andersdotter Årdal

I 1880 gifte Samuel seg med Nikolina Andersdotter Årdal. Ho var like gammal som Samuel og kom til verda i 1852. Også ho kom frå Jølster, nærare bestemt Instetunet i Årdalen. Vel over i det nye landet endra ho namnet til Nikoline Andersen. Nikoline reiste frå heimbygda saman med søster si, Rakel, i 1879 og enda i første omgang opp i Lake Johanna. Naboen til Ole og Samuel, Gunder, var ein av dei som reiste saman med søstrene frå Instetunet. Nikoline blei verande i Lake Johanna-området til våren 1880. Den 17. mai 1880 gifte dei seg i Benson, Minnesota, vel 30 km i luftlinje sørvest for Lake Johanna. Både nabo-skap og familierelasjonar blei tydelegvis haldne i hevd i det nye landet. I folketeljinga frå 1880 er alle fire registrerte under same hushaldet, noko som må bety at alle framleis heldt til i den første tømmerhytta dei bygde på breidda av Park River, rundt fem kilometer vest for tettstaden – og etter kvart byen – Grafton.

Elles viser folketeljinga svært mange norske namn i området, noko som ikkje var unaturleg i og med at Nord-Dakota blei kjend som den «norskaste» av dei amerikanske statane. I høve til det samla folketallet skulle det komme fleire nordmenn til Nord-Dakota enn nokon annan stat i Amerika, og langs Red River skulle byar som Ole og Samuel reiste gjennom, Grand Forks og Fargo, bli sterkt norskdominerte. Men det var først ni år før søgnhildbrørne kom til Grafton at dei første nordmennene tok seg over til Nord-Dakota-sida av Red River. I 1879, året etter at dei kom til Grafton, hadde 8000 nordmenn slått seg ned i Nord-Dakota. Men nettopp dette året markerer starten på «Dakota-landboomen», ein høgkonjunktur som spesielt i første halvdel av 1880-talet fekk stor innverknad på utviklinga i området. I 1900 utgjorde nordmennene 23 prosent av folkesetnaden i Nord-Dakota, eller nesten 75 000 personar. Går vi ytterlegare ti



år fram i tid, kan vi legge til 50 000. Fram til 1920 utgjorde nordmennene den største etniske gruppa i Nord-Dakota.

Den nye heimen

Etter vel overstått bryllaup var det på tide for brura å vere med husbonden tilbake til sin nye heim. Det ho visste om plassen, om korleis ho skulle leve, og korleis det nye farmarlivet ville bli, må ho ha fått vite gjennom det Samuel fortalde henne. For sjølv hadde ho aldri før vore i Grafton. Bryllaupsreisa, som vi kan kalle det, blei unnagjort i ei overtrekt vogn dregen av oksar. Tre veker tok turen – over prærie, bekkar og elvar som skulle kryssast. Ei ku som kom traskande bak, bunden til vogna, sytte for fersk mjølk.

Hytta som tok i mot henne, og som også husa Ole og Gunder, var enkel. Bortsett frå at borken var fjerna, var det ikkje gjort noko med stokkane, og sprekkar og gliper blei tetta att med leire frå elvebotnen i Park River. Taket var laga av bork og torv. Tilsvarande bygning blei sett opp til dyra. I ei slik hytte må forholda nødvendigvis har vore svært tette. Men dei kjende kvarandre godt, oppvaksne i same nabolag som dei var. Hytta blei brukt som bustad til dei fekk opp betre tømmerhytter. Spesielt krevjande var det å komme seg gjennom vinteren, og det måtte fyrast kontinuerleg. Det meste måtte gjerast i felles opphaldsrom, matlaging, tørking av klede, og så vidare. Med tett og usunn luft til følge. Om sommaren hadde dei fri tilgang til elva. Men når isen la seg om vinteren, måtte det smeltast snø og is for å få tilgang til vatn.

Johanna Iversdotter Søgnesand

Året etter var det Ole sin tur, og den 8. juni 1881 gifte han seg med Johanna Iversdotter Søgnesand. Også ho, som namnet viser, frå Jølster. Dei blei vigde i West Prairie, der Johanna hadde budd saman med bror sin, Samuel Iversen Søgnesand, sidan ho kom til Amerika i 1874. Då var ho 18 år gammal. I staden for oksespann, som Samuel og Nikolina tok til takke med, reiste Ole og Johanna tilbake til Grafton med tog til Grand Forks og dampbåt til Acton. På dette tidspunktet hadde også Ole fått opp ei tømmerhytte, så Johanna fekk hushaldet for seg sjølv då ho kom til sitt nye liv på prærien. Frå Acton blei dei inviterte til å sitte på, vi må tru med hest eller okse og vogn, med ein annan nordmann som skulle same vegen, og som hadde slått seg ned vel knappe sju kilometer frå der Ole og Samuel budde. Dermed måtte dei gå dei siste kilometerane av bryllaupsreisa til fots.

Nikolina Andersdotter Hegrenes

Gunder venta i fem år til, men i 1886 reiste han tilbake til gamlelandet for å komme tilbake med nok ei jølstradame, Nikolina Andersdotter Hegrenes. Like etterpå gifte dei seg i Grafton. Då hadde Gunder som den første av jølstringane fått opp eit lite reisverkshus på sitt bruk, vel ein kilometer frå elva.

Avsetnad

I bygda dei kom frå, var heile livsforma basert på sjølvberging. Ei innovervend livsform, der det som blei dyrka og avla fram gjekk til å dekke behova på bruket. Berre ein liten del

blei omsett i kontantar. Også den første tida på prærien var nok prega av å drive fram det mest nødvendige til eige bruk. Alle tilgjengelege midlar gjekk inn att i utstyr og det som trongst til å drive fram farmen. Slik tok dei i sine første farmarår med seg sine erfaringar frå Jølster. Men Ole, Samuel og Gunder må likevel ganske snart ha greidd å tilpasse seg nye overskotsbaserte måtar å drive jorda på. For ifølgje Ole sine nedteikningar blei dei første avlingane med kveite for sal sende med dampbåten på Red River til Grand Forks, i luftlinje omlag seks mil lenger sør. Dampbåten tok også med seg kveite nordover, til Drayton, vel to mil lenger nord. Dette må altså vere før jarnbana kom til Grafton, i 1881, og då innan tre år etter at dei slo seg ned der. Elles kunne bøndene sjølv frakte avlingar til marknaden, men dette var både tid- og arbeidskrevjande. Dessutan var det å krysse elvar og bekkar med stressa oksar som drivkraft ei ikkje heilt ufarleg affære. Då var det sikrare å ta sekkane sjølv og bere dei ein for ein over til den andre sida. Så fekk oksane dra den tomme vogna over etterpå.

I mange år var dyra på farmen like viktige som åkerproduksjonen, og gris, sau, storfe og fjørfe gav det meste av det dei trong av mjølk, smør, egg og kjøt. Men eit stykke lenger fram skulle det likevel løne seg å skifte ut beiteland med åker og dyrka mark.

Jernbane, utvikling og høgkonjunktur

Frakt av varer blei enklare etter 1881, då jarnbana kom til Grafton. Det var sjølv sagt ei storhending då det første toget, i desember dette året, kom til byen, og til den store dagen var det meste av Grafton møtt opp. Også Ole og Samuel tok seg tid til ein fridag og gjekk den halve mila til byen for å få med seg feiringa av den store samferdsle-revolusjonen. Og det var verkeleg ein revolusjon. No kunne folk som søkte nytt land lenger mot nord og vest, lettare ta seg fram til området. Slik blei ytterkanten av den etablerte busetnaden knytt saman med sivilisasjonen. Tidlegare blei nye busetjingar mot nordvest etablerte i forkant av jernbanelinjene, men no var det innvandarane som følgde etter jarnbanespolet. Linjene gjekk så å seie rett ut i villmarka. Det er blitt hevda at utan jarnbana ville det ha gått hundre år å gjennomføre det som blei gjort i løpet av fem år. Både jarnbaneselskapa og styresmaktene dreiv på denne tida store kampanjar for få folk til å busetje seg i Dakota-området.

Då Samuel og Ole kom til Nord-Dakota, gjekk næringslivet i Nord-Amerika godt, og det var stor etterspurnad etter arbeidskraft. I neste omgang gav dette grobotn for folketilvekst og lettare avsetnad av varer og landbruksprodukt. Ein periode med fuktigare klima gav også gode avlingar, noko som overtydde tvilarane til å satse framtida si på præriejord i Dakota-territoret. Dakota-territoret blei først delt i to eigne statar, Nord-Dakota og Sør-Dakota, i 1889.

Alt dette, i tillegg til at det meste av jorda lenger sør og aust var teken i hevd, førte straumen av framtidssøkjande folk vest- og nordover. Denne boomen fekk også stor innverknad på Grafton, som fekk status som administrasjonssenter i Walsh County i 1881, same år som countyet blei oppretta. Eit county kan lettast samanliknast med våre fylke. Utviklinga gjekk fort. I 1878 var Samuel og Ole mellom dei første som slo seg ned i området. Tre år seinare talde

Grafton litt over fire hundre personar og rundt tretti forretningsbygg av ulik karakter. Går vi ytterlegare to år fram i tid, var talet mangedobla til to tusen innbuarar. Dette året, i 1883, fekk Grafton også bystatus. Då hadde tettstaden, og seinare byen, vore namnsett i tre år. Den første banken blei etablert i 1881, og ei stor kornmølle og fleire kornsiloar spratt opp. Fleire såg moglegheiter i den store gjennomgangstrafikken, og forretningar, overnattingsstadar og hotell kom til. Det same gjaldt ulike slags handverkarar som etablerte seg i og rundt byen. I 1885 fekk byen eigen rettsbygning med fengsel, sentralskule og operahus! Same året kom det også til eit bryggeri, og dei første gatelysa kom opp, i første omgang i form av parafinlamper, seinare som gasslykter. I 1889 kom elektrisiteten til byen, i første rekke som gatebelysning og lys til enkelte forretningsbygg. Det skulle framleis gå ein del år før det blei vanleg for dei fleste å bruke elektrisk belysning. Veksten og utviklinga i eit samfunn der gudstua var viktig, blir spegla av at det i 1882 kom opp ikkje mindre enn tre kyrkjer tilhøyrande ulike kyrkjesamfunn: metodistar, presbyterianarar og baptistar. Byggingeaktiviteten kravde sjølvstilt tilgang til byggemateriale, og i 1883 fekk byen eige sagbruk. Etter kvart fekk byen også eigen mursteinsfabrikk. Den første avisa i Grafton, The Grafton News, kom første gong ut i 1881. Også norske aviser blei gitt ut; som nemnt var det mange nordmenn som slo seg ned i området. Den første, Nordre Dakota Posten, kom ut i 1882. Seinare følgde Grafton Posten og Det Fri ord.

Går vi fram mot hundreårsskiftet, talde Grafton by 3000 innbyggjarar, seks kyrkjer, ein sigarfabrikk, 16 saloonar, to bankar, det største operahuset i Nord-Dakota, tre første-klasses hotell og eit dusin andre overnattingsstadar, hospital, grunnskule, vidaregåande skule, fleire aviser, mølle, ni kornsiloar, maskinverkstad og ei rekkje maskin- og utstyrsforretningar. Mellom mykje anna. Rett over hundreårsskiftet kom telefonen. Området var som sagt fruktbart, og i 1887 blei det produsert 6 000 000 bushels kveite. Det skulle bli noko slikt som 16 320 tonn.

Både lokalt og regionalt gav utviklinga såleis gode føresetnadar for å avhende jordbruksprodukt. Folkeauke, stor gjennomfartstrafikk og jarnbanetransport bidrog til at varene til dei nyetablerte farmarane kunne seljast unna kjappare og i større kvanta. Gunder og brørne frå Søgnehildtunet treffe med andre ord på ein høgkonjunktur då dei kom til Grafton. Hardt arbeid, kunnskap, målretta pågangsmot og vilje var sjølvstilt føresetnadar for å lukkast. Men dei opplevde òg klimatiske føresetnadar, marknadstilgang og utvikling i samferdsle og teknologi som gav gode føresetnadar for å komme seg gjennom dei første krevjande åra som farmarar i Nord-Dakota.

Farmen

På den nye heimstaden skaffa brørne seg i første omgang ein kvartseksjon land kvar. Ein kvartseksjon svarar til 160 acres land, eller omlag 640 mål, og var det lova frå 1862, Homestead Act, gav nybyggjarane lov til å ta i hevd vederlagsfritt. Kravet var at settlaren oppheldt seg der i fem år og kunne vise til forbetringar av eigedommen. I praksis betydde det å byggje ei hytte eller eit hus for å busetje seg på eigedommen, grave ein brønn, pløye opp 10 acres(ca. 40 mål)

jord og gjerde inn eit område av ein viss storleik. Homesteadet trong ikkje betale skatt, og jorda kunne ikkje dragast inn på grunn av gjeld. Etter kvart sikra brørne seg forkjøpsrett til nok ein kvartseksjon, og rådde då over to kvartseksjonar kvar, eller omlag 1280 mål. Når vi kjem fram til midten av 1880-åra, kjøpte Samuel, til ein pris av 1800 dollar, nok ein kvartseksjon. Ole sikra seg 80 acres, eller omlag 320 mål. Etter dette sat Samuel og Ole att med ikkje mindre enn 1920 og 1600 mål jord.

Korleis oppkjøpa blei finansierte, veit vi lite om. Men den første kvartseksjonen, som dei tok i hevd etter homesteadlova, betalte dei berre eit lite administrasjonsgebyr for. Som vi har sett, avla dei på kort tid fram kveite for sal. I den første tida i Amerika arbeidde dei hjå bror sin i Lake Johanna. Men det siste året før dei drog ut, tok Ole seg også anna arbeid, medan Samuel la seg opp pengar på å hogge ved til dampbåtane som gjekk på elvane i området.

Gunder på si side blei fram til hundreårsskiftet sitjande på kvartseksjonen som han tok i hevd då han kom til Grafton. Men då kjøpte han ikkje mindre enn ein halvseksjon i Auburn-området, omlag ei mil nord for Grafton. Ein halvseksjon må då bety 720 acres, eller 2880 mål.

Famileauke

Etter den første tømmerhytta fekk dei opp kvar sine meir solide tømmerhus der overflata på tømmeret var hoggen glatt med øks og hjørna var nøyte tilpassa. Gliper mellom stokkane blei tetta med mørtel av kalk og sand i staden for gjørme frå elva, som i den første hytta. Taket var av tilsaga taksperrer, og blei tekt med takspon. Tømmerhyttene blei bygde på etter som borna kom til og det blei behov for meir plass.

Som sagt var det Gunder som først fekk opp hus av reisverk. Det kom i 1885 og blei bygt nettopp til han kunne ta imot kona si, som kom til området året etter. Dei tre granefamiliane frå Jølster hadde no kvar sin familie med fire-fem born og trong naturleg nok også betre plass. To år etter Gunder, i 1887, fekk Ole opp sitt reisverkhus. I 1888 begynte Samuel å reise eit tømmerhus, men av grunnar vi kjem tilbake til, skulle han aldri rekke å få det opp. Huset blei difor fullført som kornlager. Men same året fekk kona Nikolina sjølv opp eit reisverkshus. Huset blei modernisert i 1912. Tragisk nok blei Gunder sitt hus totalrasert av brann i 1915, men han sytte for å få opp eit stort og vakkert hus i staden. Eit hus som framleis var i bruk på byrjinga av 1960-talet. Det





Frå heimen til Ole og Johanna. Huset blei bygt i 1887.

kalla «fire miles-skulen» fordi han låg fire miles, vel seks kilometer, frå Grafton. Båe brørne var også medlemmar av «Farmers Alliance», ein nasjonal organisasjon der Samuel var sekretær i den lokale avdelinga.

....så vil jeg Formedelst Jesu Død og forsoning Møde dem der..

Men i all sin framgang skulle pionerane frå Jølster også møte sjukdom og tidleg død. I 1907 måtte Ole og

same gjaldt huset til Nikolina, då var det barnebarnet hennar, Vernon Olson, og familien hans som regjerte der. Etter at reisverkshusa kom opp, blei dei gamle tømmerhyttene brukte som kornlager.

Samuel og Nikoline var dei første som opplevde å få familieauke, og den 2. mai i 1881 kom Ole Johannes til verda. Fram til 1887 skulle dei få fire born til, to jenter og to gutar. Ole og Johanna fekk først ei dotter, Olina, som blei fødd 29. april 1882, og fram til 1900 skulle dei ta i mot ikkje mindre enn 10 born til, fem jenter og fem gutar. Gunder og Nikolina fekk sin førstefødde, Samuel Andrew, den 25. februar 1887. Fram til 1904 skulle dei sjå åtte born til komme til verda, to jenter og seks gutar.

Kyrkjeleg arbeid og lokalt engasjement

Alle dei tre pionerane frå Jølster må nødvendigvis ha vore driftige personar, og det aller meste av energien må ha blitt brukt til å bygge opp og å drive fram farmen. Men når reiskapen blei lagd til sides og det var tid til andre ting enn å arbeide i fjøs og på jorde, engasjerte dei seg i lokalt foreiningsliv. Religion var viktig, og kyrkjeleg arbeid deltok dei i frå byrjinga av. Ein dag i desember, vel halvåret etter at dei kom til Grafton, tok Ole og Samuel på seg søndagskleda, putta salmeboka i lommen og gav seg i veg til gudsteneste i heimen til ein av dei andre settlarane i området. Visst nok skal dette ha vore den første norske gudstenesta i området, men til høgtidsstunda samla det seg både norske, danske og svenske nybyggjarar. På møtet blei hovudlinjene til kyrkjelydsvedtektene dregne opp og undertekna av elleve personar i forsamlinga. Både Samuel, Ole og Gunder var aktive i organiseringa av den første kyrkja i området, ei luthersk kyrkje som dei fleste av skandinavane i og rundt Grafton sokna til. Rundt hundreårsskiftet bygde denne kyrkjelyden også Grafton Deaconess Hospital, der Ole var medlem av finanskomiteen. I heile si levetid var Samuel leiarsmann av kyrkjelydskoret.

Sjølv om dei var næraste naboar, blei Ole og Samuel sekretærar i kvar sin skulekrins. Distriktet til Samuel var det første som fekk skulehus. I det andre distriktet blei skulen

Johanna oppleve at den 20 år gamle dottera deira, Pernille Mari, blei sjuk og døydde. I 1918 døydde Georg, son til Gunder og Nikolina, i influensa. Men det var nok Nikoline til Samuel som fekk det vanskelegast. Den 4. februar i 1887 måtte ho og Samuel følge den tre år gamle dottera Pernille til grava. Berre eitt år etter skulle ulukka igjen råke familien. Det skjedde den 16. januar, ein dag Samuel saman med andre arbeidarar dreiv med skogsarbeid. Eit tre han hadde hogge blei hengande att i eit anna tre som Samuel klatra opp i for å røske laust det som var hogge. På ein eller annan måte blei han riven med då treet deisa i bakken. Han kom under og «Knuste sit Hoved paa den haarde trestamme». Samuel døydde momentant.

Tilbake sat Nikoline med fire mindreårige born. I brev heim til mor si i Instetunet, Anne Marie Nilsdotter, fortel Nikoline om sine tankar og kjensler: «..jeg sider nu enkke med 4 Faderløse Børn vaar elste Søn er 6 Åar og 9 Maaner Gammel, og den ynste 3 og en halv maaned. Saa min stilling Kan bedre tenkes end jeg kan beskrive». Ole Johannes heitte den førstefødde, den yngste Peter Johan. Mellom desse var fem år gamle Anne Maria og to år gamle Andreas Johan.

Sjølv om ho var omslutta av familie og naboar, og vi må tru at naboane stilte opp, blei det sjølv sagt svært tungt for Nikolina: «Han Gik frisk og rask ud af huset, i skoven for at huge favn ved. Men om faa minut var han Død. At jeg skulde saaledes skilled med min Kære Mand det er mig alt fortungt.» Saman med tapet av dottera var situasjonen svært vanskeleg: «Skilsmiser er tung naar vi skal skilled med alle vaare Kjerre. Men vilken skjæben var ikke det for mig å at jenemgaa» ... «til ende fult baade vaar yngste datter og min kjære Mand til Graven og de viler ved siden af Hindanden.»

Gudstrua var viktig for alle brørne som reiste frå Søgnehildtunet, og som vi har sett, engasjerte Ole og Samuel seg aktivt i kyrkjelivet i Grafton. Johannes, som utvandra mange år tidlegare, gav i det første brevet heim att uttrykk for håp om å møtast i det neste livet. På dette tidspunktet såg han nok ikkje føre seg å møte nokon av familien igjen. Også Nikoline såg sitt håp i det neste livet: «der Gud giver at de

bege naa ville (hviler) ved Frelserens Bryst saa vil jeg Formedelst Jesu Død og forsoning Møde dem der.»Brevet må vi også lese slik at nybyggjarane frå Jølster materielt har greidd seg godt, men, med tanke på det neste livet, er dette underordna: «Kjære moder som har set os den ene efter den andre at vandre bort til et fremmed land for at søge vårt brød og det har Herren rigelig velsignet os med men så kommer den siste vandring som vi ikke kan bestemme dag eller dato da heder det at verre beret da vi alle sammen ønsker at mødes Glade og Frelste på Dommens store dag.»

Seinare brev er skrivne gjennom dottera til Nikoline, Anne Maria. Ho skulle aldri gifte seg, og tok seg av mor si så lenge Nikoline levde. I brev frå 1897, ni år etter at mannen gjekk bort, får vi vite at Nikoline for to år sidan har «rentet bort» garden for fem år. Samstundes har ho kjøpt ein mindre gard, der ho sjølv har nokre dyr, to hestar, litt gris, høns og åtte storfe. Ho skriv òg om ein kar som steller med bruket, ein som har vore der i tre år. Brevet fortel ikkje kven garden blei leigd bort til. Sønene Ole Johannes og Andrew tok over farmen i 1901. Vi må tru at ho leigde bort farmen til dei blei vaksne nok til å ta over. Andrew tok også over garden som mora kjøpte, og som vi får vite grensar opp mot farsgarden.

Pionerane går bort

Etter Samuel var Johanna den første frå pionergenerasjonen som gjekk bort. Ho døydde den 13. juli i 1918, 62 år gammal. Berre nokre månadar etter skulle Ole følgje etter. Då hadde han vore vanfør av reumatisme i 18 år, i dei siste 11 av dei var han for det meste sengeliggande. Han blei 63 år gammal.

Gunder levde til 1928 og døydde 18. desember det året. Kona levde enno i 26 år og døydde i 1954, godt over 90 år gamal.

Nicoline til Samuel skulle òg overleve sonen sin, Ole Johannes, som døydde i 1911. Sjølv blei ho verande i enkestand til ho døydde nær førti år seinare, i 1927, etter lang tids sjukdom, 75 år gammal.

Andre jølstringar i Grafton

Når amerikafeberen feia over ei bygd eller eit distrikt, kunne han råke mange enkeltmenneske og familiar på kort tid, og føre til masseutvandring frå det same distriktet. Når det store steget mot den nye framtida endeleg var teke, var det sjølv-sagt ein stor fordel å halde saman med familie, slekt eller bygdefolk. Spesielt i den tidlege fasen av utvandringa frå Noreg kunne det difor vekse fram nybyggjar bygder der kultur og dialekt vart ei avspesling av bestemte distrikt og bygdestrok i gamlelandet. Og når dei første pionerane endeleg hadde etablert seg, oppsøkte naturleg nok dei som kom etter slekt, familie og vener frå heimebygda. Vi kan ikkje snakke om Grafton som «jølstersettlement», sjølv om fleire frå bygda var blant pionerane der. Men ved nærare ettersyn ser vi tydeleg kor viktig familie, slekt og gamle bygdeband var når dei prøvde å orientere seg i det nye landet.

For det var ikkje berre Ole, Samuel, Gunder og konene deira som kom til området rundt Grafton. I første omgang kan vi nemne søstrene til Johanna, Rakel og Birgitte, som kom til Grafton i 1882 og 1883. Rakel blei etter kvart gift med

Sivert Grindy, som i mange år dreiv ein kjøtmarknad i byen. Birgitte utdanna seg til lærar og reiste frå Grafton i midten av 1890-åra. Ho blei gift med Ole Paulson og enda som farmarkone i Portland, Nord-Dakota.

Brørne til Nikoline, Ludvig og Andreas, kom også til området i midten av 80-åra. Ludvig blei skadd i ei ulukke, vart delvis invalid og reiste etter nokre år tilbake til Jølster. Andreas arbeidde på garden til Samuel, seinare på kjøtmarknaden til Rakels mann, men reiste etter kvart til Stillehavskysten, der han etablerte seg i forretningslivet i Portland, Oregon. Han var gift, men fekk ingen born.

Nevøen til Ole og Samuel, Nikolai, reiste frå Søgnhildtunet i 1900. Han var son til den einaste frå søskenflokket til Ole og Samuel som ikkje reiste til Amerika. Blant slekta i Jølster blir han framleis nemnd som «Amerikanikolai». I dei første åra arbeidde han hjå onkel Ole og gjekk på skule i Grafton, før han i 1904 reiste til Saskatchewan i Canada saman med Nicolai Sandal for å skaffe seg land der. Men etter frostnetter i juni miste han motet, selde jorda og returnerte til Grafton. Same hausten drog han til White Earth i Nord-Dakota og kjøpte jord der. Men igjen selde han seg ut for å returnere til Grafton. I 1905 skreiv han seg inn på eit handelskurs ved Universitetet i Nord-Dakota, i Grand Forks. Etter fullført kurs blei han tilsett i ein bank i Milton, Nord-Dakota, der han også blei gift og arbeidde i mange år. Seinare flytte familien til Edinburg i Nord-Dakota, der han heldt fram med å arbeide i bank. Edinburg ligg berre vel tre norske mil nordvest for Grafton, så han hadde heile tida nær kontakt med slekt og naboar frå Jølster der. Han vitja også heimbygda fleire gonger.

Nicolai Sandal, som han reiste saman med til Canada, var nevø av Gunder Erikstad, naboen til Ole og Samuel. Også han gav seg på prosjektet i Canada og returnerte til Grafton. Han enda etter kvart opp som farmar i White Earth, i det vestlege Nord-Dakota, rundt 40 norske mil vest for Grafton. Søster hans, Johanna Sandal, følgde etter broren, i første omgang til Grafton og deretter til White Earth, der ho blei gift med ein Ole Hansen.

Nils Rasmus Aardal, som ikkje er i slekt med nokon av dei andre, kom til Grafton tidleg på 80-talet. Han arbeidde i første omgang på garden til Ole, men begynte etter kvart å arbeide i eit reiskapsforhandlarfirma i byen. Han var også innom politistyrken som nattevakt. I dei seinare åra av livet arbeidde han som bensinmotorekspert i eit firma i Grand Forks. Nils blei gift med Katrina Nilson Vassenden, som kom



til Grafton i 1887, og som var søskenbarn til Nikoline til Samuel.

Olava Nilson var søster til Katrina, og kom til Grafton i 1904 og blei gift der med Joe Miller i 1916.

Utover i 90-åra og rundt hundreårsskiftet var det mange slektningar av pionerane frå Søgnhildtunet og Mårtunet, med amerikaniserte namn som Ordahl, Olson og Ericstad, som kom til Grafton og blei buande der i lengre eller kortare periodar. Vi finn òg namn som Nils Saarheim og Ivar Ivarsson Søgnesand, begge nevøar av Johanna til Ole.

Garske og Starkweather

Vi må også nemne Brite, søster til Ole og Samuel, som var gift med Tollef Erikstad, og som i 1883 tok med sine seks born for å reise til Amerika. 1883 var eitt av toppåra for amerikautvandring frå Jølster, vel førte personar forlét bygda dette året. Tollef var bror til naboen av søgnhildsbrørne, Gunder. I Amerika skulle Brite og Tollef få to born til.

Som det går fram av historia om Ole og Samuel, blei straumen av jordhungrige innvandraran pressa nord- og vestover ettersom tilgjengeleg jord blei teken i hevd. Dette betydde at Brite og Tollef enda opp som pionerar i områda rett nord for Devils Lake, vel ti norske mil rett vest for Grafton. Fleire av jølstringane som reiste ut dette året, blei pionerar i to samfunn som blei bygde opp her, Garske og Starkweather. Her finn vi namn som Elias Erikstad, kona hans, Johanna Ålhus, og deira to born; søster til Elias og Tollef, den 16 år gamle Andrea; Samuel Øvrebø og kona

hans, Isabella; Anton Myklebust og Lars Knutson Klakegg. Over i det nye landet slutta to andre jølstringar seg til dei, nemleg Maar og John S. Erikstad, begge brør av Tollef, Elias og Andrea. Frå Mårtunet utvandra heile søskenflokket. Odelsguten Tollef selde bruket før han og Brite reiste til Amerika. Maar og John hadde nokre år tidlegare reist til Sioux Falls i Sør-Dakota. Begge slo seg ned i same området, men John skulle etter kvart ende opp i Canada, der han døydde i Glaslyn i 1956.

Litteratur/kjelder:

- Berg, Gunder V. (Editor): Walsh Heritage. A story of Walsh County and its pioneers. Walsh County Historical society, 1976
- Haakenstad, Liv Marit: Slektsgranskerens guide til utvandringen 1825–1930. Orion 2008
- Klakegg, Anders O.: Bygdebok for Jølster 1801–1974. Jølster kommune 1985
- Lovoll, Odd S.: Det løfterike landet. Universitetsforlaget 1997
- Mørkhagen, Sverre: Drømmen om Amerika. Gyldendal 2012
- Olson, Nikoline: Brev datert 06.04.1888, i privat eige
- Olson, Nikoline: Brev datert 31.01.1888, i privat eige
- Olson, Nikoline: Del av brev utan dato, i privat eige
- Olson, P. J. m.fl.: A history of Two Norwegian Communities in Northeastern North Dakota, 1963. Boka er omsett til nynorsk av Turid Østby og Wenche Pierce m.fl.
- Semmingsen, Ingrid: Veien mot vest, I.H. Aschehoug & Co, Oslo 1941
- Semmingsen, Ingrid: Veien mot vest, II.H. Aschehoug & Co, Oslo 1950
- Sunde, Rasmus: Amerikabrev, Selja Forlag 2009
- Årdal, Stig: Jordbruket i Jølster 1850–1910. Hovudoppgåve i historie, UiB 1995

Jølstrholmen SPAR Café

OPE: man-fre 8-22 / lørd-sønd 9-21

Vi har godt utvalg i daglegvare,
noko for ein kvar smak!

sjå www.spar.no Spar Jølstrholmen for meir info.

Kjosnes Feriehytter

Høgstandardhytter - heilårsovernatting

www.kjosnes.no

tlf. 970 19286

Stein Arne Sunde As

918 94 578

Transport – Graving – Muring

Sentral godkjenning
Maskinentreprenør



Eikås Frisør

EVA ÅRSET
6847 VASSENDEN

Opningstider etter behov.
Timebestilling
TELEFON 57 72 75 88

Utemiljø med stil

NATURSTEIN

kan leverast i ulike typar:

- Handstein
- Liten maskinstein
- Maskinstein
- Trappetrinn

SKIFER –

Vi har alt innan skifer

Vi kan gjerne vere med og gje råd om verkøy, bearbeiding og montering av steinen. Vi kan òg tilby oppføring av murar og skiferlegging.

Ta gjerne kontakt for pristilbod.



Kontakt oss på tlf. 917 63 804 / 915 65 495 – eller via faks nr. 57 72 70 16

www.nordfjordskifer.no



Eikås Skogsdrift AS

6847 Vassenden

Tlf: 57 72 74 33
Mobil 97 64 84 82
Fax :57 72 74 45



Ynskjer du hyttetomt i Jølster?

Ta kontakt med

Holtane Hyttegrend AS,
6847 Vassenden

e-post: ivar@isunde.no
mobil: 901 96 272
www.holtanehyttegrend.no

ALF HELGHEIM & CO AS
Skei Sentrum • 6843 Skei i Jølster
Tlf. 57 72 83 11 • post@alfhelgheim.no • www.alfhelgheim.no
FOTO • UT • GULL • SØLV • MUSIKK

Jølster

Betongbygg a.s

Tlf. 57 72 70 18
Mob. 908 83 940

ENTREPRENØR

Ivar A. Sunde a/s

6847 Vassenden

Telefon 57 72 72 96 • Mobil 90 19 62 72
E-post: ivar@isunde.no

Utfører alt innan tre og betong

MASKINENTREPRENØR
Jostein Sunde As
jostein-sunde.com

graving • sprenging
transport
singel • grus og pukk

6843 SKEI I JØLSTER
Mobil 95 75 96 94

COOP MARKED SKEI

telefon 57 72 83 77 faks 57 72 85 15
opningstider 9-20 (18)

BYGG MIX

telefon 57 72 87 68
opningstider 9-16.30 (13)



JØLSTER SA

telefon 57 72 83 77 faks 57 72 85 15
6843 Skei

50

**EIN MEDSPELAR I
ESSE SKEI!**

Vår honnør til alle i
Jølster som yter ein
innsats til målsaka
i kommunen.



Her møtast alle!



STOR KIOSK



VEGKRO



KAFFIBAR



VASK BILEN TIL JUL.....

SKEI SERVICENTER

6843 SKEI • TLF. 57 72 82 34 • FAX. 57 72 67 33



Rør og rørartiklar
Sanitæreanlegg og utstyr
Varmepumpe luft/vatn
Pumpeanlegg
Kjøkkeninnreiing
Baderomsmøblar

JØLSTIER RØR A/S

Aut. rørleggarmeister
TROND AARDALSBASSE
POSTBOKS 43 • 6841 SKEI I JØLSTER
TLF. 57 72 83 50 • MOBIL 95 98 78 20



AUDHILD VIKENS AS

Skei 57 72 81 25 • Førde 57 82 00 84



Visa Gåvekort

- Den perfekte gáva!
Kan brukast både i butikkar og på nett.

Bestill direkte på ssf.no/visagave



Din lokale leverandør av
FORNYBAR ENERGI



Natur - til nytte og glede

Ein aktiv støttespelar i lokalmiljøet

www.sunnfjordenergi.no

Sentralt i fylket



Ideelt for avvikling av møter, kurs og konferansar

BEST WESTERN Skei Hotel er blant dei leiande kurs-/konferansehotella i fylket. Hotellet har plass til 250 overnattingsgjester, den nye "Jølstersalen" tek inntil 400 personar i plenum og kan delast i 3 salar. Vår kursvert syter for trygg og god gjennomføring av alle kurs- og møtearrangement.

Vi har breiband i heile kurs- og konferanseavdelinga og på alle gjesterom. I symjehallen er det behageleg sommertemperatur heile året. Vi kan også tilby populære aktivitetar i nærmiljøet, t.d. rafting, urvandring, golf, paintball, brevandring og villmarksleir.

Hjarteleg velkommen!

6841 Skei i Jølster
Tlf. 57 72 78 00
Fax 57 72 78 01
info@skeihotel.no
www.skeihotel.no
Følg oss på Facebook

BEST WESTERN
SKEI
Hotel





Ein av mange stolte forfattarar av boka «Jølster, mi regnbogebygd

Kr 90,- ISSN 0801-9592

